



Midsund kommune



# ÅRSMELDING 2006

Midsund kommune



Midsund kommune

## Å R S M E L D I N G 2 0 0 6

### **Innhald:**

### **Rådmannen sine kommentarar**

### **Del 1) Økonomi**

- 1.1 Rekneskapsprinsipp
- 1.2 Rammevilkår/resultat
- 1.3 Anskaffelse og anvendelse av midlar
- 1.4 Driftsrekneskapen
- 1.5 Investeringsrekneskapen
- 1.6 Balanserekneskapen

### **Del 2) Stab- og støttestasjonar**

- 2.1 Personalkontoret
- 2.2 Økonomiavdelinga
- 2.3 Kultur, flyktning og God Helse
- 2.4 Oppvekst, barnehage
- 2.5 Oppvekst, skule
- 2.6 Sosialtenesta

### **Del 3) Einingane**

- 3.1 Midsund skule
- 3.2 Raknes skule
- 3.3 Midøy skule
- 3.4 Midsund barnehage
- 3.5 Raknes barnehage
- 3.6 Nord Heggdal barnehage
- 3.7 Butenesta
- 3.8 Heimetenesta
- 3.9 Sjukeheimen
- 3.10 Helsesenteret
- 3.11 Teknisk

## **Rådmannen sine kommentarar**

### **Innleiing**

Året 2006 har vore eit aktivt og utfordrande år. Sjølv om kommunen er liten i folketal, er aktiviteten stor, og det blir ytt tenester på mange områder som er viktige for innbyggjarane.

Kommunen har i utgangspunktet tre roller:

- Kommunen utøvar mynde på mange områder, også på vegne av overordna styresmakter
- Kommunen produserer tenester på mange områder (t.d. barnehagar, skular, eldreomsorg, kommunalteknikk)
- Kommunen yter tenester overfor brukarane

Ein liten kommune har i stor grad dei same oppgåvene å utføre og det same ansvaret å ivareta som større kommunar har. Forskjellen er gjerne at vi har færre medarbeidarar å spele på, og det blir da viktig at medarbeidarane er godt orienterte på fleire saksområde, og kan vere ”generalistar” i større grad enn det som er vanleg i store organisasjonar.

Alle i kommunen står på for sine innbyggjarar og dei som er brukarar av dei kommunale tenestene, og det er viktig at kommunen blir oppfatta og opplevd som god samarbeidspart for den enkelte. Kommunen er avhengig av folks tillit, og det set sjølvsagt store krav til kvalitet og service.

Både frå einingsleiarane og frå medarbeidarar i stab er det gitt gode oversiktar over drifts- og investeringstiltak, planleggingsoppgåver og prosjektarbeid i 2006. Rådmannen viser difor til desse.

### **Tilgang på, og bruk av, ressursar**

For tenesteytinga i ein kommune er det viktig å ha stabilitet og forutsigbarheit. Da er det nødvendig å ha økonomi til å drive det som blir vedteke på ein god måte. Den økonomiske utviklinga i kommunen er ikkje tilfredsstillande, og for einingane og leiarane er det ei stor utfordring å drive innan trange rammer.

Opp gjennom åra har kommunen bygd opp eit høgt nivå på sine tenester. Det er og slik at mange av tenestene er desentraliserte, noko som har medført driftsformer som i seg sjølv kan vere kostbare. Parallelt med dette har kommunens ansvar vorte utvida på mange områder, i tråd med den generelle samfunnsutviklinga.

I sum har dette medført at det etterkvart har vorte vanskelegare å få skinnfellen til å rekke, og den reelle situasjonen er no at kommunen har og har hatt underskot på si løpande drift. Rekneskapsmessig har kommunen i fleire år vorte ”redda” av låge renter, god avkastning på fondsmidlar, refusjon av meirverdiavgift og tilfredsstillande skatteinnngang.

Når rentene no stig, når lønsoppgjera har vorte vesentleg dyrare enn vanleg på grunn av stram arbeidsmarknad og konkurranse om arbeidskrafta og når avkastninga ”på børs” er blitt mindre, så endrar det økonomiske biletet seg. Det må vi – både folkevalde og administrasjon – ta innover oss og gjere noko med.

For 2006 vedtok kommunestyret å saldere budsjettet med å inntektsføre ca 4,1 mill. kr av disposisjonsfondet. Ved årets slutt viser rekneskapen at det er bruka totalt ca 3,3 mill. kr av disposisjonsfondet, slik at forbruket av fondet er ca 832 000 kr lågare enn det kommunestyret ga rom for. I rekneskapen kjem dette fram som eit ”rekneskapsmessig mindreforbruk”, men realiteten er at kommunen har bruka 3,3 mill.kr. meir til løpande drift enn det driftsinntektene gir rom for.

Kommunestyret har gitt uttrykk for at framtidige budsjett skal vere i reell balanse, og at det da må settast i verk nødvendige korrigerande tiltak. Det blir ei stor utfordring for alle framover.

Folketalet utviklinga i kommunen er det grunn til å bekymre seg over. Å oppretthalde folketalet er viktig for alle typar aktivitetar i lokalsamfunnet (foreiningsliv, handel, kulturaktivitetar, etc.), og folketalet er viktig for at kommunen kan få inntekter nok til å drive og utvikle tenestene til innbygarane.

Å få folk til å busette seg i kommunen er og blir ei sentral oppgåve. Da må innbygarane – gamle som nye – for det første oppleve at tenestene som kommunen tilbyr er gode og tilpassa deira behov, for det andre at det må arbeidast aktivt for å legge til rette for nyskaping og omstilling, slik at ein viser at Midsund også er ein kommune i endring og vekst, og for det tredje må det arbeidast meir med å gjere Midsund kommune kjend som ein god plass å vere og god plass å bu. Det er i 2006 arbeidd med dette på fleire vis, m.a. gjennom eit prosjekt for å få spesielt nederlendarar til å kome hit, det har vore arbeidd med å få etablert eit eige næringssselskap, saman med næringslaget, det er sett i gang arbeid når det gjeld sentrumsutvikling, etc. Vi må bli bevisste på korleis kommunens omdøme er, og korleis dette kan vidareutviklast.

## **Kommunen som organisasjon**

### Politisk organisering

Frå 01.01.06 vart den politiske organiseringa endra. Kommunestyre og formannskap er som før, og den største endringa ligg i at hovudutvala vart nedlagde, og erstatta av utviklingskomitear. Driftsoppgåvene som hovudutvala hadde, er dels lagt til formannskapet, dels til administrasjonen v/rådmann. Utviklingskomiteane skal ikkje behandle løpande saker, men – som namnet tilseier – ta for seg spesielle tema, utgreie og utvikle desse, og legge dei fram for kommunestyret. Opplegget med utviklingskomiteane mv. skal evaluerast hausten 2007.


Mange saker blir fremma til behandling i folkevalde organ i løpet av eit år. Følgjande tabell gir eit bilete av dette:

<u>Politiske utval</u>	Tal på møte		Tal på saker	
	2005	2006	2005	2006
3 Kommunestyret	8	8	64	79
4 Formannskapet	13	15	61	79
Møter og saker som				
- planutval	-	13	-	71
- tiltaksnemnd	-	5	-	20
- klagenemnd	-	2	-	9
5 Administrasjonsutvalet	4	2	6	7
6 Eldrerådet	4	-	8	-
Teknisk utval	5	2	16	2
Oppvekst- og kulturutvalet	6	1	21	3
Helse- og sosialutvalet	7	-	11	-

#### Administrativ organisering

Administrasjonen består no av to nivå, mot tidlegare tre. Etatssjefnivået opphørde pr 01.01.06, og er no erstatta med sjølvstendige **einingar**. Einingane, 11 i talet, og rådmannen, får hjelp og rådgiving av medarbeidarar i **stab**.

#### **Organisasjonsplan:**



## **Avslutning**

Det er med glede eg kan slå fast at leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde i Midsund gjer ein stor innsats for kommunen og lokalsamfunna, for innbyggjarane og brukarane. Det er all grunn til å vere stolt av den innsatsen som blir gjort. Eg takkar dykk alle!

Mellom kommunens folkevalde og administrasjonen er det utvikla eit godt samarbeid. Dette er nødvendig for å skape eit godt klima, for å utvikle mål og for å kunne sette i verk politisk fatta vedtak på ein god måte. Som administrasjon skal vi vise stor respekt for det arbeid som blir utført i folkevalde organ. Lokaldemokratiet er levande og krevjande, og slik skal det vere!

Denne årsmeldinga er meir detaljert enn tidlegare årsmeldingar. Dette kjem for det første av endringane i den administrative organiseringa, men og fordi vi ønskjer at kommunestyret – og andre lesarar – skal få eit godt innblikk i det som skjer i einingar og stab.

Midsund, 15. juni 2007

*Dagfinn Aasen*

*rådmann*

## **Del 1) Økonomi**

### **1.1 Rekneskapsprinsipp**

Midsund kommune fører sitt rekneskap etter dei kommunale rekneskapsprinsipp nedfelt i Kommunelova § 48 og rekneskapsforskrifta § 7. Anordningprinsippet gjeld i kommunal sektor og gjev at all tilgang og bruk av midlar som gjeld kommunen si verksemd skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen viser driftsutgifter og –inntekter i kommunen og resultatet av dette i året. Investeringsrekneskapen viser kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån, mv., samt korleis desse er finansiert. Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet. Det er ikkje gjort frådrag i inntekter for tilhøyrande utgifter og heller ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Med dette kjem aktiviteten i kommunen fram med riktig beløp.

### **1.2 Rammevilkår/resultat**

Midsund kommune sitt rekneskap for 2006 viser eit negativt brutto driftsresultat på kr 2 247 110. Etter at det i rekneskapen er ført bruk av disposisjonsfond med kr 4 130 838 (som budsjettert) vert årets rekneskap gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 833 265.

### 1.3 Anskaffelse og anvendelse av midlar

Tabellen nedanfor syner korleis kommunen sine økonomiske midlar vart skaffa til vege og korleis desse midlane vart brukt.

Anskaffelse og anvendelse av midler	Rekneskap 2006	Reg. budsjett 2006	Oppr. budsjett 2006	Rekneskap 2005
<b>Anskaffelse av midler</b>				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	114.357.931	103.983.921	103.979.700	111.675.793
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	608.627	300.000	300.000	9.434.805
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	12.317.264	9.663.100	7.763.100	36.982.207
Sum anskaffelse av midler	127.283.822	113.947.021	112.042.800	158.092.804
<b>Anvendelse av midler</b>				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	113.077.147	103.300.859	100.888.600	107.025.669
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	9.099.829	7.135.000	6.735.000	41.029.453
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	7.967.726	7.365.900	5.865.900	6.428.369
Sum anvendelse av midler	130.144.702	117.801.759	113.489.500	154.483.491
Anskaffelse - anvendelse av midler	-2.860.880	-3.854.738	-1.446.700	3.609.314
Endring i ubrukne lånemidler	-2.772.211	-	-	-13.744.388
Endring i arbeidskapital	-5.633.091	-3.854.738	-1.446.700	-10.135.074
<b>Avsetninger og bruk av avsetninger</b>				
Avsetninger	7.377.409	276.100	276.100	8.651.254
Bruk av avsetninger	10.238.289	4.130.838	1.722.800	4.798.008
Til avsetning senere år	0	0	0	243.932
Netto avsetninger	-2.860.880	-3.854.738	-1.446.700	3.609.314
Int. overføringer og fordelinger				
Interne inntekter mv	8.970.426	8.412.700	8.460.000	8.587.828
Interne utgifter mv	8.970.426	8.412.700	8.460.000	8.587.828
Netto interne overføringer	0	0	0	0



## 1.4 Driftsrekneskapen

### Driftsregnskapet

	Regnskap 2006	Endelig budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2005
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukerbetalinger	5.011.957	5.460.500	5.267.500	5.275.014
Andre salgs- og leieinntekter	8.794.460	8.460.034	8.871.400	9.440.880
Overføringer med krav til motytelse	24.253.874	17.252.300	16.996.400	28.768.788
Rammetilskudd	37.329.871	39.583.787	32.311.000	35.581.690
Andre statlige tilskudd	3.757.804	2.535.400	2.564.500	2.986.805
Andre overføringer	0	12.900	69.300	13.282
Skatt på inntekt og formue	35.209.965	30.679.000	32.239.000	29.609.333
Eiendomsskatt	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0
<b>Sum driftsinntekter Sum = B</b>	<b>114.357.931</b>	<b>103.983.921</b>	<b>98.319.100</b>	<b>111.675.793</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønnsutgifter	67.274.042	60.053.915	57.032.600	62.220.540
Sosiale utgifter	16.623.740	16.336.967	15.553.600	16.408.111
Kjøp av varer og tjenester som inngår i tjenesteproduksjon	17.266.583	18.399.967	17.503.600	16.617.664
Kjøp av tjenester som erstatter kommunal tjenesteproduksjon	9.181.974	8.245.210	8.007.600	9.432.930
Overføringer	6.161.713	3.937.000	3.285.000	6.149.623
Avskrivninger	3.527.895	2.756.200	2.756.200	2.772.329
Fordelte utgifter	-3.430.906	-3.672.200	-2.966.000	-3.903.199
<b>Sum driftsutgifter Sum = C</b>	<b>116.605.042</b>	<b>106.057.059</b>	<b>101.172.600</b>	<b>109.697.998</b>
<b>Brutto driftsresultat Sum = B-C</b>	<b>-2.247.111</b>	<b>-2.073.138</b>	<b>-2.853.500</b>	<b>1.977.795</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	2.975.044	1.300.000	1.126.300	5.099.683
Mottatte avdrag på utlån (sosial- og næringsutlån)	20.938	28.100	28.100	21.467
<b>Sum eksterne finansinntekter Sum = E</b>	<b>2.995.982</b>	<b>1.328.100</b>	<b>1.154.400</b>	<b>5.121.150</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	3.264.670	3.024.600	1.511.800	2.280.705
Avdragsutgifter	3.270.476	2.806.300	2.230.200	2.008.500
Utlån (sosial- og næringsutlån)	0	35.000	35.000	18.822
<b>Sum eksterne finansutgifter Sum = F</b>	<b>6.535.146</b>	<b>5.865.900</b>	<b>3.777.000</b>	<b>4.308.028</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner Sum = E-F</b>	<b>-3.539.164</b>	<b>-4.537.800</b>	<b>-2.622.600</b>	<b>813.122</b>
Motpost avskrivninger	3.527.895	2.756.200	2.756.200	2.772.329
<b>Netto driftsresultat Sum = I</b>	<b>-2.258.380</b>	<b>-3.854.738</b>	<b>-2.719.900</b>	<b>5.563.246</b>
		0	0	
<b>Interne finansieringstransaksjoner</b>				
	<b>Regnskap 2006</b>	<b>Endelig budsjett</b>	<b>Opprinnelig budsjett</b>	<b>Regnskap 2005</b>
Bruk av tidligere års regnskapsmessige overskudd	4.881.456	4.881.457	4.881.458	0
Bruk av disposisjonsfond	4.130.838	4.130.838	2.185.600	2.127.033
Bruk av bundne driftsfond	579.563	0	-43.400	790.113
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
<b>Sum bruk av avsetninger Sum = J</b>	<b>9.591.857</b>	<b>9.012.295</b>	<b>7.023.658</b>	<b>2.917.145</b>
Overført til investeringsregnskapet	200.000	0	0	0
Dekning av tidligere års regnskapsmessige underskudd	0	0	0	2.127.033
Avsetninger til disposisjonsfond	4.881.456	4.881.456	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	1.418.756	276.100	384.100	1.471.903
Avsetninger til likviditetsreserven	0	0	0	0
<b>Sum avsetninger Sum = K</b>	<b>6.500.212</b>	<b>5.157.556</b>	<b>384.100</b>	<b>3.598.936</b>
Årets regnskapsmessige overskudd (mindreforbruk)	833.265	0	0	4.881.456
Årets regnskapsmessige underskudd (merforbruk)	0	0	0	0

## 1.5 Investeringsrekneskapen

Regnskapsskjema 2A - investering	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Investeringer i anleggsmidler	9.099.828,87	7.135.000,00	6.735.000,00	41.416.525,01
Utlån og forskutteringer	1.206.481,00	1.500.000,00	0,00	1.619.702,00
Avdrag på lån	226.099,00	0,00	0,00	213.567,00
Avsetninger	243.932,00	0,00	0,00	170.862,62
<b>Årets finansierungsbehov</b>	<b>10.776.340,87</b>	<b>8.635.000,00</b>	<b>6.735.000,00</b>	<b>43.420.656,63</b>
<b>Finansiert slik:</b>				
Bruk av lånemidler	9.207.210,87	8.335.000,00	6.435.000,00	31.575.039,81
Inntekter fra salg av anleggsmidler	114.933,00	300.000,00	300.000,00	533.060,00
Tilskudd til investeringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på lån og refusjoner	393.825,00	0,00	0,00	9.159.337,20
Andre inntekter	213.940,00	0,00	0,00	28.425,00
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>9.929.908,87</b>	<b>8.635.000,00</b>	<b>6.735.000,00</b>	<b>41.295.862,01</b>
Overført fra driftsregnskapet	200.000,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetninger	646.432,00	0,00	0,00	1.880.862,62
<b>Sum finansiering</b>	<b>10.776.340,87</b>	<b>8.635.000,00</b>	<b>6.735.000,00</b>	<b>43.176.724,63</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>-243.932,00</b>

### Regnskapsskjema 2B - investering

Ansvar	Budsjett inkl. endring	Regnskap
1500 IKT avdeling	0	13 220
1800 Servicekontoret	400 000	273 614
1900 Midsund sokn	1 300 000	55 328
2500 Kulturformål	120 000	430 991
2520 Idrett og friluftsliv	1 500 000	0
2530 Ungdomstiltak	500 000	10 500
3001 Pleie- og omsorgsadministrasjon	0	216 736
4050 Reguleringsplaner	0	33 779
4070 Kommunale byggefelt	-300 000	-428 466
4090 Felles vedlikehold	100 000	100 611
4110 Midsund skule	1 865 000	1 363 808
4113 Raknes skule	150 000	143 750
4120 Midsund barnehage	0	32 270
4122 Raknes barnehage	0	91 685
4140 Midsund sjukeheim	100 000	3 720 917
4410 Kommunalt vassverk	500 000	423 742
4420 Kommunale avløp	1 000 000	819 277
4700 Kommunale vegar	500 000	465 610
4705 Veg og gatelys	300 000	276 483
4712 Ambulansekai	300 000	447 346
9100 Avdrag på lån	-8 335 000	-8 981 112
9200 Utlån	0	892 410
9400 Disposisjonsfond	0	-402 500
<b>Totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 1.6 Balanserekneskapen

Tekst	Regnskap 2006	Regnskap 2005
<b>Eiendeler</b>		
Anleggsmidler	204.405.542	187.889.218
Faste eiendommer og anlegg	110.170.782	104.499.841
Utstyr, maskiner og transportmidler	0	0
Utlån	4.620.164	4.415.672
Aksjer og andeler	3.114.408	2.264.927
Pensjonsmidler	86.500.188	76.708.778
Omløpsmidler	53.981.337	62.519.009
Kortsiktige fordringer	7.119.410	18.094.719
Aksjer og andeler	9.237.285	9.970.536
Premieavik	962.320	568.629
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	18.484.443	19.452.784
Kasse, postgiro, bankinnskudd	18.177.879	14.432.341
<i>Sum eiendeler</i>	<i>258.386.879</i>	<i>250.408.227</i>
<b>Egenkapital og gjeld</b>		
Egenkapital	37.597.575	39.987.419
Disposisjonsfond	6.189.085	5.840.967
Bundne driftsfond	3.021.073	2.181.880
Ubundne investeringsfond	13.991.755	14.235.687
Bundne investeringsfond	756.664	756.664
Regnskapsmessig overskudd (mindreforbruk)	833.265	4.881.456
Regnskapsmessig underskudd (merforbruk)	0	0
Udisponert i investeringsregnskapet	0	0
Udekket i investeringsregnskapet	0	-243.932
Likviditetsreserve	2.178.025	2.178.025
Kapitalkonto	10.627.709	10.156.672
Gjeld:		
Langsiktig gjeld	202.114.009	188.840.950
Penjonsforpliktelse	99.422.670	89.088.036
Ihenderhaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	102.691.339	99.752.914
Kortsiktig gjeld	18.675.295	21.579.858
Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	18.675.295	21.579.858
Premieavik	0	0
<i>Sum egenkapital og gjeld</i>	<i>258.386.879</i>	<i>250.408.227</i>
<b>Memoriakonti</b>		
Memoriakonto	8.336.195	11.108.406
Ubrukte lånemidler	8.336.195	11.108.406
Andre memoriakonti	0	0
Motkonto for memoriakontiene	8.336.195	11.108.406

For detaljer omkring drifts- og investering- regnskap jf eige dokument - Regnskap 2006.

## **Del 2) Stabs- og støtte funksjonar**

### **2.1 Årsmelding personal og organisasjon**

Personalsjefen sine arbeidsmål kjem til uttrykk i strategiplanen for personal og organisasjon. For 2006 kan ein trekke fram at det blei gjeve ut ei personalhandbok for kommunen, det har vore fleire justeringar på leiarsida, det har vore gjennomført leiarutvikling/samlingar med konkrete resultat i nokre leiarreglar og jobba spesielt med å "setje" den nye strukturen.

Sjukefråveret for kommunen samla er på 9,2 %, målsetjinga er få det ned til 5 %.

Utfordringar framover vil vere å få stabilitet på leiarsida, jobbe med kulturutvikling, pensle ut ein attraktiv arbeidsgivarpolitikk, HMS og få ned sjukefråveret.

### **2.2 Årsmelding økonomiavdelinga**

Dei viktigaste arbeidsområda til økonomiavdelinga er rekneskapsføring, innkrevjing av skatt, fakturering, lønshandsaming, budsjettarbeid og overordna økonomistyring.

I februar 2006 slutta Arild Sjøvik i stillinga som økonomisjef og Melvin Tomes vart tilsett i denne stillinga. Han tok til i stillinga i april. I samband med avslutninga av rekneskapen for 2005 vart Arild Sjøvik leid inn på timebasis etter at han slutta i stillinga si. I samband med skifte av leiar vart det i ei overgangsperiode ein del meirbelastning på dei andre tilsette på avdelinga. Økonomiavdelinga består i dag av fire personar som arbeide om lag 3,45 årsverk. Sjukefråveret var 0,9 %.

Budsjett og rekneskap for 2006 syner følgjande ressursbruk:

Art	Regnskap	Budsjett	Avvik
1010 Fast løn	1.205.124	1.158.200	46.924
1040 Overtid	5.261	0	5.261
1090 KLP	142.424	154.000	-11.576
1092 Personforsikringar	2.740	4.000	-1.260
1093 OU-midler	930	0	930
1099 Arbeidsgjevaravgift	186.313	185.500	813
1710 Refusjon sjukeløn	-9.647	0	-9.647
<b>Sum lønn</b>	<b>1.533.145</b>	<b>1.501.700</b>	<b>31.445</b>
1100 Kontormateriell	11.530	0	11.530
1120 Forbr.matr./råvarer/tenester	7.143	2.400	4.743
1130 Post,bank,telefon	13.360	7.800	5.560
1140 Annonse,reklame,info	0	500	-500
1150 Opplæring,kurs	26.520	21.350	5.170
1160 Reiser,diett,bil-oppg.pl.	8.268	15.600	-7.332
1165 Andre oppgåvepl.godtgj.	0	1.600	-1.600
1172 Div.reiseutg. ikkje oppgåvepl.	12.659	0	12.659
1185 Forsikringer,vaktenester	4.720	2.900	1.820
1195 Avgifter,gebyrer lisenser	9.973	6.200	3.773
1200 Inventar, utstyr og maskiner - kjøp	4.350	0	4.350
1220 Inventar, utstyr og maskiner - leie	2.100	0	2.100
1270 Konsulenttenester	20.000	0	20.000
<b>Sum varer og tenester</b>	<b>120.623</b>	<b>58.350</b>	<b>62.273</b>
1350 Kjøp frå andre kommuner	57.710	50.800	6.910
1429 Merverdiavgift utenfor mva-loven	16.942	0	16.942
1620 Salg utanfor avg.området	-1.000	0	-1.000
1729 Kompensasjon moms påløpt i	0	0	0
1790 Internsalg	-5.800	-5.800	0
	<b>1.721.620</b>	<b>1.605.050</b>	<b>116.570</b>

Dette gjev eit meirforbruk på kr 116 570. Kr 51 000 av dette skyldes auka lønn og leige av konsulent for å avslutte rekneskapen for 2005.

Økonomiavdelinga prøvar til ei kvar tid å halde fokus på å utvikle dei tenestene vi yter overfor kommunens innbyggjarar og dei andre einingane i kommunen.

For å få til dette må det fokuserast på å utvikle både dei tilsette og dei system og rutinar som nyttas i arbeidet.

I 2006 deltok ein medarbeidar på eit større studieopplegg i kommunerekneskap. Dette vart avslutta med studiepoenggivande eksamen (5 studiepoeng). Elles har dei andre medarbeidarane delteke på ulike kurs og fagmøtar.

I 2006 tok Midsund kommune i bruk Web-basert økonomirapportering. Dette gjer at einingsleiarar og andre som har eit økonomiansvar til ei kvar tid kan skaffe seg oppdatert rekneskapsinformasjon.

## **2.3 Årsmelding kultur, flyktning og God Helse**

### ***Funksjonar og oppgåver i ansvara;***

#### **Kultur**

- Kontakt med frivillige lag og organisasjonar – særskild Midsund Kulturforum 2 gonger i året
- Tilskot til lag og organisasjonar etter retningslinene for kulturstøtte (ansvar 2500)
- Kulturpris 2006
- Marknadsføring og lokal forvaltning av spelemidlar til idrett- og fysisk aktivitet
- Marknadsføring og forvaltning av kommunalt tilskot til mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg (ansvar 2520)
- Rullering av plan for idrett og fysisk aktivitet
- Representasjon i styret til Nordmøre og Romsdal friluftsråd
- Sekretær for Midsund gard og slekt, bind 3
- Innsamlingsarbeid i høve reiselivskart for Midsund, og friluftslivskart for Nordmøre og Romsdal friluftsråd, kartblad Harøyfjorden. All informasjon skal og gjerast digitalt tilgjengeleg på Midsund kommune si heimeside.
- Utvalssekretær for Midsund Ungdomsråd (møte i gong per måned)
- Personal og budsjettansvar for Midsund Fritidsklubb
- Interkommunalt ungdomssamarbeid (SommarMOT-leir, ungdomsråddopplæring)
- Ungdomens kulturmønstring
- Pådrivar for ny aktivitet for alle innbyggjarar, særskild barn og unge.

#### **Flyktning/ integrering**

- Oppfølging av individuelle kvalifiseringsplanar med kvar einskild deltakar fram til avslutning av intro/ kvalifiseringsprogram august 2006
- Utbetaling av introduksjonsstønad/ kvalifiseringsstønad
- Oppfølging av deltakarane i vidare kvalifiseringsprogram lokalt i vaksenopplæring, vidaregåande skule, sosialteneste og NAV fattigdomssatsing
- Informasjon og rådgjeving om kompetansegodkjenningssystemet i Noreg for innvandrarar, kontakt med lokal vaksenopplæring og vidaregåande skule, realkompetansenettverk
- Kontakt med Statens lånekasse, Utdanningsavdelinga i fylket, styringsgruppa for minoritetstilbodet ved Fræna vidaregåande skule
- Tilskotsforvaltning integreringstilskot
- Tilskotsforvaltning kjente funksjonshemmingar
- Tilskotsinnkrevjing einslege mindreårige flyktningar
- Tilskotsforvaltning vaksenopplæringstilskot til norskopplæring for framandspråklege
- Timeplanarbeid vaksenopplæring
- Kommunal superbrukar Nasjonalt Introduksjonsregister (NIR)
- Opplæring og oppfølging av tilsette i vaksenopplæringa på bruk av NIR
- Deltaking i tverrfaglege ansvarsgrupper
- Kompetansetiltak, eksamen i 30 studiepoeng høgskuleutdanning ”Arbeid med integrering av nykomne flyktningar i arbeid og lokalsamfunn” gjennom Høgskulen i Oslo. Bestått.

## God Helse

- Skrivning av God Helse plan/ Folkehelseplan for Midsund
- Rullering av plan idrett og fysisk aktivitet inkludert i God Helse plana
- Rullering av plan for alkohol- og rusmiddelpolitikk – inkludert i God Helse plana
- Deltaking i God Helse nettverket i Møre og Romsdal fylke – kompetanseaukande tiltak
- Web-redaktør God Helse sida på fylkesmann-veven
- Utdeling av God Helse drikkeflaskar til alle skulebarn ved skulestart 2006
- Utdeling av Idéperm for læring i friluft – korleis bruke naturen som klasserom og likevel følgje læreplanen/ Kunnskapsløftet. Ein til kvar skule med aktivitetar for alle fag og alle trinn.
- Oppfølging av lokale lag og organisasjonar som arbeider med friluftslivstiltak – Informasjon, rådgjeving og finansieringsbistand
- Medverknad i planprosess rullering psykiatriplan
- Informasjons- og pådrivararbeid innan eigen organisasjon om folkehelseperspektivet i alle kommunale tenester
- Interkommunalt rusførebyggjande nettverk – KRUS. Lokal koordinator for arbeidet.

## Ressursar

Rådgjevar i stab kultur, integrering og God Helse rår samla over ein stillingsressurs av 100 %. Ved starten av 2006 var fordelinga 50 % God Helse og 50 % flyktning. Frå april 2006 vart det bestemt at fordelinga skulle vere kultur 30 %, flyktning/ integrering 20 % og God Helse 50 %.

Rådgjevar i stab har budsjett og personalansvar for ansvara

Ansvar	Tittel	Årsverk%	Budsjett	Regnskap	Avvik
2010	Kulturadministrasjon	0,10 %	66 300,-	47 009,-	+ 19 291,-
2020	Flyktningtenesta inkl God Helse - Tilskot God Helse 125 000,- - Tolk/ oppdrag * - Arb.utprøv.* - Miljøarb./ass.* - Undervisning sær.*	100 %	628 160,-	834 012,-	- 205 852,-
2500	Kulturformål - Drift - Drift, bygdebok - Investering bygdebok	0 %	214 000,- 0,- 0,-	261 683,- 16 584,- -430 991	-47 683,- - 16 584,- - 430 991,-
2520	Tilskot til mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg	0 %	20 000,-	20 000,-	0,-
2530	Ungdomstiltak - Fritidsklubbleiar	0,20 %	107 800,-	106 198,-	+ 1 602,-
8460	Generelle tilskot flyktning - Integreringstilskot - Tilskot einslege mindreårige flyktningar - Tilskot sær. oppfølging *		1 754 000,- 199 400,- 0,-	1 676 600,- 213 000,- Krav	-77 400,- + 13 600,-

				sendast, for kr 500 000	
<b>Samla resultat alle ansvar</b>			<b>1 036 260,-</b>	<b>1 716 477,-</b>	<b>- 680 217,-</b>

### Særskilde tiltak og utfordringar

I budsjettmøtet for 2006 i desember 2005 vart det bestemt at kr 70 000,- skulle gjevast som tilskot til Midsund slekt og historielag over ansvar 2500. Dette vart gjort, men grunna skifte av administrativt personell våren 2006 vart ikkje konsekvensane av dette klargjort. Med bakgrunn i denne tildelinga, ville det ikkje vere midlar igjen til fordeling til kulturtilskot i 2006. Ny sakshandsamar var ikkje klar over dette, og det vart utlyst og tildelt midlar også i 2006. Dette er del forklaringa for overforbruket på ansvar 2500. Restmidlane på ansvar 2010 er sett i samanheng med overforbruket på ansvar 2500, og overforbruket er såleis reelt kr 28 392,-.

Utgiftande til bygdeboka Midsund slekt- og gard bind 3, er i hovudsak tatt over investeringsmidlane gjennom låneopptak. Av ukjent sak er og kr 16 584,- ført mot drift på ansvaret. Desse vil verte overført til investeringsmidlane, og auke desse tilsvarande. Økonomisk ansvarleg for dei store overskridingane i bygdebokprosjektet er vanskeleg å plassere ut over at rådmannen sitt generelle ansvar. Rådgevar kultur kom inn i saka så seint at dei økonomiske disposisjonane allereie var gjort, og låg utanfor min kontroll.

Innan ansvar 8460 har vi fått inn dei midlane som Midsund kommune har krav på etter tal flyktningar innan for integreringstilskotsordninga si målgruppe. I 2006 var dette 25 pers.

Kommunen busette i 2002 totalt 5 einslege mindreårige flyktningbarn utan foreldre i Noreg. For desse mottek kommunen kr 106 500,- per barn per år fram til og med det året dei fyller 20 år. I 2006 var det framleis 2 barn dette gjaldt. Kommunen har ikkje hatt, eller har nokon ekstra oppfølging av desse barna og tilskotet går difor til styrking av kommunen sin generelle økonomi. Siste barn som genererer dette tilskotet fyller 20 år i år 2010.

Kommunen har og oppfølging av personar med særskilte behov, som kan utløyse ekstra ressursar til kommunen til oppfølgingstiltak. Kommunen fikk slikt tilskot med kr 500 000 for oppfølgingstiltak i 2005, og reknar med å få tilsvarande etter søknad for 2006. Grunna uklare signal frå IMDI er søknad frå 2006 i ferd med å verte sendt i mars 2007. Tilskot til denne type oppfølging etter år 2006 vil vi ikkje få.

Flyktning/integreringstenesta har og hatt oppgåver for andre typar minoritetsinnvandrarar som har busett seg i kommunen i 2006. Totalt var det usett 19 ulike nasjonalitetar, der berre 2 hadde flyktningbakgrunn. Dei andre kom som familiesameinte med norske menn og ulike typar arbeidsinnvandrarar. Desse personane genererer ikkje integreringstilskot, men ordinære rammeoverføringar frå staten ut i frå tal busette i kommunen.



## Mål

- Reduksjon av ressursar til flyktingteneste – integreringsarbeidet og tenesteproduksjon for innvandrarakar skal skje i alle einingar på same måte som for norske etniske innbyggjarar.
- God Helse perspektivet skal forankrast i kommunen og alle tenester/ einingar – for å gjere Midsund kommune til eit sunt, trygt og levande lokalsamfunn
- Kulturarbeidet er viktig for tilhøyre og trivsel for innbyggjarane. Kommunen skal vere ein medarbeidar på kulturområdet og bidra til utvikling av lokal kultur og eigenart.

## Viktige hendingar

- Kulturpris 2006 til Midsund IL
- Oppretting av lokal tverrfagleg ansvarsgruppe for rusførebyggjande tiltak – KRUS
- Planarbeid god helse, idrett og fysisk aktivitet, alkohol og rusmiddelpolitikk og psykiatri.
- Måloppnåing ved utslusing av deltakarar i kommunalt kvalifiseringsprogram/introduksjonsprogram. Av dei 17 personane som fikk tilbod (11 kvinner og 6 menn) er status slik;

### **Status elever ved vidaregåande skule;**

1 gjennomført 2 år ordinær vidaregåande skule, no lærling i transportfag

1 VK 2 Hjelpepleier

2 GK allmenne fag

2 GK mekaniske fag

1 GK byggfag/ arbeidspraksis byggebedrift.

### **Elevar kvalifiseringsprogram i Midsund:**

1 100 % uføretrygda

1 flytta ut av kommunen

1 har eitt år igjen av ordinært introduksjonsprogram, etter ferdig fødselspermisjon

5 har gått ut i arbeid og syt for seg sjølv

4 Søkt inn i Aetat, kombinasjon arbeidspraksis og fornya grunnskuleopplæring i Midsund. Dette opplegget endrar seg med grad av sysselsetting og måloppnåing i forhold til ønska grunnskulekompetanse.

Dette er eit svært godt resultat, då nasjonal statistikk visar at ca 50 % av deltakarane går ut i arbeid og utdanning etter 2 årig program. Når ein og veit at deltakarane i Midsund hadde ingen til svært lav utdanning frå eiga heimland, er resultatet enda betre. Ein så høg del som går vidare i vidaregåande utdanning, og som held ut (berre 28 % av deltakarar med minoritetsspråkleg bakgrunn klarer å fullføre vidaregåande utdanning nasjonalt) er og svært bra. Det tredje forholdet som og bør nemnast er at av deltakarane i Midsund har 7 av deltakarane til saman 17 barn under 16 år.

### **Utfordringar framover**

- Oppfølging av minoritetane som busett seg i Midsund – realkompetansevurdering, samfunnsinformasjon, oppfølging av arbeidsgjevarar og den einskilde
- Fomya grunnskulekompetanse og basiskompetansetiltak, organisering og marknadsføring. Oppfølging av NIR.
- Integreringstiltak for å auke deltakinga til minoritetane i organisert frivillig arbeid, demokrati og lokalforvaltning
- Oppfølging av personar i kvalifiseringslaup gjennom kommunal tiltakskjede i samarbeid med NAV
- Vidareutvikle Midsund Kulturforum som kontaktflate med det frivillige liv i Midsund
- Følgje opp aktivitetsplan kultur og aktivitetsplan fysisk aktivitet under Midsund kommune si heimeside
- Realisere tiltak innan friluftsliv, jf plan idrett og fysisk aktivitet
- Følgje opp plan alkohol og rusmiddelpolitikk – koordinere tiltak innan KRUS
- Følgje opp Midsund Fritidsklubb, og etablering av klubben på Idavoll, trygge drifta og få stabil bemanning i stillinga som fritidsklubbleiar
- Opplæring av ungdomsrådet i demokrati og medverknad – gje dei kunnskap nok til å fylle sin rolle som vesentleg samfunnsaktør.

### **2.4 Årsmelding oppvekst – barnehage**

Rådgeving og koordinering i forhold til barnehagane og styrarane/einingsleiarane. Kontakt med og rapportering til Fylke og staten. Oppvekstkonsulent endra til rådgjevar, 50 % stilling.

**Mål** Felles for oppvekst og kultur.

#### **Mål barnehageplan**

Barnehagane i Midsund skal vere med på å leggje eit godt grunnlag for ein god barndom og skal gi eit pedagogisk tilbod til alle barn.

- Etter hovudopptaket i april var det store ventelister ved barnehagane. Alle barnehagane fylte opp plassane sine, også dei private familiebarnehagane. Ventelista minka i løpet av sommaren og hausten, men det var 4 barn som ikkje fekk tilbod om barnehageplass og 10 som venta på auke av plass eller flytte til anna barnehage.
- Personale: store utskiftingar av spesielt pedagogisk personale ved Raknes - og Nord-Heggdal barnehage. Raknes hadde styrar på disp. på første av året til mars og hadde så pedagogisk leiar på disp på våren og sommaren. Mangla pedagogisk leiar på hausten. Nord-Heggdal barnehage hadde vikarierende styrar og pedagogisk leiar på disp. i oktober til desember. Sjukefråværet har og vore høgt i barnehagane.

- Barnehageløftet, ny barnehagelov og ny rammeplan blei gjeldande i løpet av 2006. Dette har ført med seg endra krav til barnehagane og kommunen som barnehagemyndigheit. Sentrale krav om full barnehagedekning, auka kompetanse og kvalitet gjer at kommunen må setje fokus på barnehagar, spesielt som tilsynsmyndigheit.

### Utfordringar

- Full barnehagedekning
- Rekruttering og tiltak for å behalde førskulelærarar
- Auke kompetansen blant personalet og administrasjonen
- Fortsette å auke kvaliteten på barnehagane i tråd med dei krava som er sett sentralt og lokalt.
- Minske sjukefråværet

## 2.5 Årsmelding oppvekst - skule

Etter innføring av flat struktur har personal- og økonomiansvaret som tidlegare låg inn under oppvekstsjefen, blitt overført til rektorane ved den einskilde skule. Stillinga inneber i hovudsak rådgjeving og koordinering i forhold til rektorane. Kontakt med og rapportering til Fylke og staten. I tillegg til desse områda har pedagogisk rådgjevar vore rektor for vaksenopplæringa i kommunen, med økonomi – og personalansvar for dei tilsette lærarane. Innanfor vaksenopplæringa ligg og ansvaret for vaksne elevar som har krav på spesialundervisning. Dette gjeld elevar som har si undervisning i Molde, men og vaksne elevar som får si undervisning i heimkommunen .

Innan ansvarsområdet for pedagogisk rådgjevar ligg og logoped og pedagogisk-psykologisk teneste, mellom anna kommunalt samarbeid med Molde og Aukra kommunar. Pedagogisk rådgjevar har og vore leiar for bibliotektenesta, med økonomiansvar og personalansvar. Dessutan har pedagogisk rådgjevar vore sekretær og saksbehandlar for Skulestrukturkomiteen, som avslutta sitt arbeid hausten 2006. I kommunen sitt planarbeid med ny sentralskule i Midsund kommune, er pedagogisk rådgjevar prosjektleiar og sekretær.

### Ressursbruk – økonomi

Det har vore god økonomistyring på dei områda som ligg under pedagogisk rådgjevar sitt ansvar. Som det går fram av tabellen har det vore eit avvik innanfor vaksenopplæring. Dette skuldast at kommunen har fått større tilskot til undervisninga enn berekna.

Ansvar	Budsjett	Budsjett inkl. endring	Regnskap	Prosent forbrukt budsjett
2000 Oppvekstadm.	800 400	766 664	754068	98
2050 PP- kontoret	563 500	693 500	659434	95
2140 Tøndergård skole	700 000	700 000	641558	92
2300 Vaksenopplæring	713 000	715 724	311779	44
2510 Bibliotek	288 500	268 500	248646	93
<b>Totalt</b>	<b>3 901 000</b>	<b>4 065 288</b>	<b>3493511</b>	<b>86</b>

### **Arbeidsoppgåver**

For pedagogisk rådgjevar har det vore ei utfordrande oppgåve å arbeide vidare med kunnskapsløftet og dei konsekvensane dette har hatt og får vidare for skuleverket. Kommunen hadde allereie ei utviklingsplan, og denne blir rullert kvar vår. Utviklingsplanane skal munne ut i konkrete tiltak ved den einskilde skule, eller som eit resultat av samarbeid mellom skulane.

I tillegg til overordna/tverrfaglege mål har ein og lagt opp til ei fagleg kompetanseheving, som mellom anna har gitt vidareutdanning/etterutdanning innan tysk, spansk, naturfag, matematikk og norsk for å nemne nokre felt. Dette planarbeidet krev eit nært samarbeid med lærarar og rektorar. Eit samarbeid som har vore særst positivt og prega av god kommunikasjon. Gjennom faste møte med rektorane annakvar veke har vi fått til eit tett og konstruktivt arbeidsmiljø.

Ei av dei viktigaste oppgåvene for pedagogisk rådgjevar har vore den faglege støtta til skulane i høve daglege driftssaker, eller saker som skuleeigar har ansvaret for, og som er arbeidd vidare med i samarbeid med rektorane. Særleg har arbeidet i høve ressursutnytting, ekstraressursar i høve elevar med behov for ekstra ressursar, fag – og timefordeling i samband med kunnskapsløftet og forarbeid i høve lærartilsettingar vore vesentlege driftsoppgåver.

Sekretærfunksjonen for skulestrukturkomiteen har og vore ei vesentleg oppgåve. Sjølv om dette var eit arbeid som krevjande mykje tid, var det ei utfordrande oppgåve som gav mykje innsyn og kunnskap om skulesamfunnet i Midsund, med eit positivt samarbeid med medlemmane i komiteen.

Pedagogisk rådgjevar er med i arbeidsutvalet for regionalt samarbeid om mellom anna kunnskapsløftet, og som førebur og legg til rette for kompetansehevinga i regionen vår. I denne gruppa sit og representantar for Fræna, Molde og Rauma. Pedagogisk rådgjevar sit og som representant i ei regional gruppe som førebur Romsdalsk Lærarstemne kvart år. Dette er viktige og utfordrande oppgåver. Spesielt for ein liten kommune som Midsund er det viktig å vere med, ikkje minst for å få innspel og utfordringar frå sakshandsamarar i andre kommunar.

Midsund kommune har plass i styret ved Tøndergård skole, og pedagogisk rådgjevar har dette vervet no.

Pedagogisk rådgjevar er og rektor for vaksenopplæringa. Vaksenopplæringa er delt mellom spesialundervisning for vaksne og norskopplæring for framandspråklege vaksne. Spesialundervisning for vaksne blir for enkelte elevar gitt ved vaksenopplæringscenteret i Molde, medan andre får undervisning i Midsund. Undervisninga for framandspråklege er i stadig endring. Frå å omfatte flyktningar som har hatt norskopplæring, er det no blitt stadig fleire arbeidsinnvandrarar eller kursdeltakarar som har gifta seg med norske og som har krav på undervisning. I tillegg har flyktningane krav på grunnskuleopplæring, som i år blir gitt i matematikk og naturfag.

Mykje av det administrative arbeidet går ut på handsaming av søknader om tilskot, rapportering om det same eller svar på søknader om permisjon etc. for elevane. I tillegg har vi faste møter med det pedagogiske personalet. Dette er eit sær sær viktig samarbeid, da undervisninga fort må omleggjast eller forandrast på. Dette er det lærarane som gjer, men i nært samarbeid med pedagogisk rådgjevar.

Skal den daglege drifta kunne gjennomførast, må mykje av ansvaret leggjast til lærarane.

Logopeden ligg og innanfor pedagogisk rådgjevar sitt ansvarsområde. Mykje av hennar arbeid er konkret retta inn mot grunnskulen, men ho har og undervisninga for dei vaksne elevane som har krav på spesialundervisning, og som har denne undervisninga lagt til Midsund. Også pedagogisk – psykologisk teneste har sitt arbeidsfelt direkte retta inn mot grunnskulen, men ligg innanfor ansvarsområdet til pedagogisk rådgjevar.

Pedagogisk rådgivar har og ansvaret for bibliotektenesta. I faste møter diskuterer vi aktuelle tema , både av fagleg og økonomisk karakter. I tillegg har vi diskutert eit utvida arbeidsfelt for bibliotektenesta, mellom anna med å arrangere hagekveldar, småbarnsforeldretreff, litteraturkveldar etc., for å nemne noko. Dette er eit spanande felt som kan gjere bibliotektenesta enno meir attraktiv for innbyggjarane i kommunen.

Dessutan har ein no fått til ei ordning med å få inn dei nye innbyggjarane i Midsund, som anten arbeider her eller har kome hit av andre grunnar. Samarbeid med Deichmanske bibliotek har gjort at vi har fått inn bøker og anna litteratur på fleire språk. Dette har vist seg å vere ein suksess, og mange av våre nye har nytta seg av dette tilbodet.

### **Utfordringar framover**

Stilling som er relativt omfattande, sjølv om både personalarbeid og økonomi no er lagt ut til skulane. Mykje av stillinga vil nok gå med til daglegdagse gjeremål, men det er og viktig at pedagogisk rådgjevar er med i viktige prosjekt, til dømes planarbeidet for ein ny sentralskule i Midsund. Samarbeidet i regionen er og eit viktig felt, og sær viktig for nyttige impulsar frå andre kommunar. Samstundes vil det vere viktig for kommuneleiinga å vurdere om ikkje pedagogisk rådgjevar bør bli einingsleiar for oppvekst, utan at dette går ut over dei tre skuleiningane og deira ansvarsområde. Dette fordi mange av oppgåvene i dag er reine leiaroppgåver der pedagogisk rådgjevar representerar skuleeigar i praksis, sjølv om det i dag er rådmannen som formelt er skuleeigar. Pedagogisk rådgjevar vil og ha nytta av å komme inn i dei fora der leiarane deltek, ikkje minst for å få innspel og vere med på utviklinga innan eit felles leiar mål i kommunen. På same måten som det er sær viktig å få impulsar frå andre kommunar, er det like vesentleg å vere oppdatert på kva som skjer i din eigen kommune.

## **2.6 Årsmelding sosialtenesta**

Ansvar 3500 Sosialkontorteneste  
Ansvar 3540 Økonomisk sosialhjelp  
Ansvar 3550 Edruskapsvern  
Ansvar 3780 Avlasting/Støttekontakt/Ferietilbod.

Administrasjon av sosialtenesta, sakshandsaming etter Lov om sosiale tenester mv, sakshandsaming etter Alkoholova. Edruskapsvern (klientarbeid). Diverse arbeid med funksjonshemma born og vaksne – avlastingstiltak, støttekontakt og ferietilbod. Koordinatorfunksjon for forbrukarar med betalingsvanskar. Planlegging, informasjon og rettleiing innaføre dei ulike ansvarsområde.

### **Personal – årsverk**

Sosialleiar i heil stilling. Barnevernskurator i heil stilling fram til 01.06.06, deretter vart barnevernet overført til eining Helse.

### **Økonomisk ramme for Ansvar 3500, 3540, 3550, 3780:**

- Budsjett : 3 043 300
- Budsjett inkl. endring: 3 052 000
- Rekneskap : 2 955 547

Forbrukt budsjett = 97 %.

### **Mål/måloppnåing**

**Målsettinga** med arbeidet som vert utført er å oppfylle intensjonane i lovverka, og sikre at brukarane av dei ulike tenestene får rett hjelp til rett tid.

Gje økonomisk tryggleik til dei i kommunen som har behov for å søkje slik hjelp.

Gje råd og rettleiing med tanke på å gjere den einskilde brukar mest mogleg sjølvhjelp og såleis hindre at den enkelte vert langtidsbrukar av sosialhjelp.

For året 2006 var tal på sosialhjellsmottakarar som vart innmeldt til SSB **47**, nedgang frå år 2005 med 11 personar. Innaføre området økonomisk sosialhjelp har vi langt på veg greidd å nå målet om å gje hjelp til rett tid. Vi har ikkje greidd å hindre at nokre personar har vorte langtidsbrukarar.

**I edruskapsarbeidet** er det i målsetjinga lagt vekt på å hindre auke i problem, skape haldningsendring gjennom førebyggjande arbeid og informasjon, arbeide tverrfagleg.

I samband med haldningsendrande arbeid vert det gjeve økonomisk støtte til informasjon og opplysningsarbeid blant barn og unge. Det er gjeve institusjonstilbod til enkeltpersonar med rusproblem, arbeidet med enkeltpersonar har elles vore å gje råd, rettleiing og deltaking i ansvarsgrupper. I enkeltsaker har ein delvis nådd målet om tverrfagleg samarbeid, men dette kan bli betre.

Hausten 2006 gjekk kommunen inn i KRUS – Forum for kvalitetssikring og utvikling av rusførebyggjande arbeid i kommunen.

**Rusmiddelsituasjonen i Midsund kommune 2006:**

- sal av øl og rusbrus i butikkane i Midsund viser nedgang med 8 liter
- tal frå skjenkestadene viser auke med 568 liter.

**Heimebuande funksjonshemma:** Når det gjeld denne brukargruppa har vi stort sett lukkast å gje fortløypande tilbod til alle som har trong for støttekontakt, avlasting og tilrettelagt tilbod i samband med sommarferie.

Rapportering for år 2006 til SSB viser at tal på mottakarar av støttekontakt er 8. Tal på motakarar av avlasting er 1. Dei økonomiske ressursane for støttekontakt/avlasting har så langt vore på plass. Innaføre område heimebuande funksjonshemma har vi lukkast med å få til eit godt tverrfagleg samarbeid.

**Avvik:****Ansvar 3500 Sosialkontortenester:**

Rekneskapan syner eit meirforbruk på 34 224. meirforbruket skuldast i hovudsak auka i lønsutgifter.

**Ansvar 3550 Edruskapsvern:**

Lovpålagt teneste. Mindreforbruk – 17 250 skuldast i hovudsak mindrekostnad i kontrollarbeidet.

**Ansvar 3780 Avlasting/støttekontakt:**

Lovpålagt teneste. All utgift i samband med støttekontakt/avlasting/ferietilbod er budsjettert i Ansvar 3780. Mindreforbruk – 110 286-, skuldast lågare lønsutgifter enn budsjettert. Etterspurnad på div. aktivitets-/ferietilbod i skolen sin sommarferie var av ulike grunnar langt mindre i 2006 enn tidlegare år. Det er ikkje grunn til å tru at etterspurnaden på tilbod i sommarferie vil ligge så lågt i komande år.

**Viktige hendingar:**

Frå 01.01.06 vart stillinga for barnevernekurator høgda frå 50 % til 100 %, barnevernet vart skilt ut frå sosialtenesta, barnevernkurator vart fagleg leiar for barnevernet og tenesta vart lagt administrativt til eining Helse. Dette har ført til at sosialeiar er frigjort frå ansvar for barnevernet noko som har letta den totale arbeidssituasjon for sosialeiar.

**Viktige utfordringar framover:**

- Vidareutvikle tverrfagleg samarbeid innaføre dei ulike ansvarsområda.
- Redusere langtidsbruk av økonomisk sosialhjelp.
- Alle kommunar skal ha eit NAV-kontor innan år 2010. Drøftingar/avgjerd kva kommunale tenester i tillegg til minimumsløysing (økonomisk sosialhjelp) som skal leggjast inn i framtidig NAV-kontor.

## **Del 3 Einingane**

### **3.1 Årsmelding eining Midsund skule**

Grunnskule /sentralskule for 5. – 10. årssteg. Ved årsskiftet var det 160 elevar – fordelt med 87 elevar på 5. – 7. årssteg og 73 elevar på ungdomssteget. Dette er det høgaste elevtalet på mange år.

Skule med 160 elevar, av desse er 11 framandspråklege. 18,64 årsverk i administrasjon, undervisning og to deltidstillingar assistent + 0,5 årsverk som fast assistent + 0,5 årsverk merkantil. Til saman 19,64 årsverk. Samla budsjett på kr 9431178. Forbruk på kr 9 874 787. Overforbruk på kr 443 603.

#### **Gjennomførte driftstiltak**

I tillegg til ordinærundervisning er det gjort 9 enkeltvedtak som gjev elevane rett til spesialundervisning. Dette utgjer nærare fire undervisningsårsverk. I tillegg er det brukt 25 rammetimar – eitt årsverk til framandspråklege elevar. I 2006 fekk vi tilflytta fem elevar. Vi brukte ekstra ressursar for å kjøre intensivkurs i norsk.

Kompetanseheving. To lærarar har teke vidareutdanning i tysk og spansk. Ein av dei fortset skuleåret 06/07 og. Elles har vi hatt tre personar på kompetanseheving i matematikk og to i naturfag. I tillegg har det vore mange kortare fagkurs. Dette har medført utfordringar for å halde hjula i gong. Berre for hausten hadde vi vikarutgifter for over 40 000 til å dekkje utgifter for personar som held på med kompetanseheving. På slutten av året starta vi fornyinga av lærebøkene slik at dei vert i tråd med ny læreplan.

Nytt undervisningsrom og grupperom betra romsituasjonen og gav oss større fleksibilitet.

Kollegiet har gjort ein kjempejobb. Fleksibilitet, samarbeid og god planlegging har sikra daglegdrift. Grunna sjukdom og mange på kurs/kompetanseheving har vi fått testa fleksibiliteten og samarbeidsevna i kollegiet.

#### **Gjennomførte investeringar**

Nytt brannvarslingsanlegg. Nytt undervisningsrom + grupperom teke i bruk heilt på slutten av året. Taket i storsalen vart det ikkje gjort noko med.

#### **Mål**

Visjon for Midsund skule: Skulen vår skal vere ein god stad å vere og ein god stad å lære. Skulen vår skal vere ein levande skule der alle trivst, der alle bryr seg om kvarandre, og der alle tek ansvar slik at alle utviklar seg best mogleg, både fagleg og sosialt.

Andre mål: innføring av ny læreplan og gjennomføring av kompetanseheving, tilpassa opplæring/læringsstrategiar, organiseringa av undervisninga, Ikt/pedit, vurdering, teamsamarbeid, sosial kompetanse, kulturopplevingar.



### **Måloppnåing**

Resultat frå ulike undersøkingar og evalueringar syner at vi lukkast i rimeleg grad. I tillegg til sentrale undersøkingar syner funn i interne undersøkingar at elevane opplever ein høg grad av trivsel og er rimeleg godt nøgde med opplegg og tilrettelegging. Resultata av avgangsprøva synte jamnt over gode prestasjonar både skriftleg og munnleg.

Elevar med særskilde behov gjev oss utfordringar i rikt monn. Elevar frå andre kulturar er ei anna utfordring. Vi er ikkje gode nok i å gi tilpassa opplæring til alle. Dette er vår og heile skulenorge si hovudutfordring.

### **Forklaring på avvik mellom budsjett og rekneskap**

Overforbruk på vel kr 443 000. Inntektssvikt framandspråklege + endring/reduksjon i overføring frå andre (Utdanningsforbundet) medførte ein inntektssvikt på over kr 100 000. Fast lønn syner eit brutto overforbruk på kr 420 000. Ser ein på sjukelønn finn ein at knapt 270 000 er kome inn som refusjon. Netto overforbruk vert på vel 150 000. Midlar til intensivkurs i norsk kom på 30 000 (Dette var avklara med rådmannen, men budsjettet vart ikkje korrigert). Lønnsoppgjjer og lønnstillegg forklarar ein god del av det resterande overforbruket.

Overforbruk vikarar er forklara med store utgifter som følgje av kompetanseheving.

Inventar/utstyr: Held ein postane for kjøp og leige saman finn ein her eit overforbruk på kr 23 000. Hovudgrunnen finn ein i utgifter til data og datautstyr – både til elevnettet og lærarnettet

### **Viktige hendingar**

Nytt undervisningsrom, ny læreplan, starta opplæring i spansk og tysk, innføring av programfag/framtidsval og ny organisasjonsstruktur.

### **Viktige utfordringar framover**

- Innføre og etterleve intensjonane i Kunnskapsløftet.
- Realisere og praktisere tilpassa opplæring.
- Kompetanse i å takle utagerande og vanskelege elevar
- Behov for fleire rom/meir areal.
- Tilgang på kvalifisert arbeidskraft
- Oppgradert datasystem
- Midlar til utskifting av lærebøker.

### **3.2 Årsmelding eining Raknes skule**

Raknes skule er ein 1-4 trinn skule. I 2006 var det 64 elevar ved Raknes skule. Det var då 11 tilsette, der av 5 lærarar, 5 assistentar og rektor. Dette utgjorde til saman 7 årsverk. Jan Otto Hånes var rektor ved Raknes skule i 2006.

#### **Mål**

Mål for skulen er bygd opp i kring Kunnskapsløftet og kommunen sine utviklingsmål for skulane. Mål for kommunen og skulen er eit opplevd kvalitetstilbod innan opplæring, oppvekst og kultur. Kommunen ønskjer born og unge med eit positivt sjølvbilete, lokal identitet og vilje til å ta ansvar. Kunnskapsløftet skal fremme ein kultur for læring. Frå skuleåret 2006/2007 vart det sett i verk ei ny skulereform for grunnskulen. Kunnskapsløftet gje uttrykk for at måla skal bli tydelegare og ein skal moa vektleg gje i aukande grad elevane sine grunnleggande ferdigheitar. Fem grunnleggande ferdigheitar skal integrerast i alle fag og på alle nivå, desse ferdigheita er; å kunne uttrykke seg munnleg, å kunne lese, å kunne rekne, å kunne uttrykke seg skriftleg og kunne bruke digitalt verktøy. Elevane skal få ei opplæring som er tilpassa den einskilde sine føresetnader. Kommunen, skulane har i tråd med Kunnskapsløftet utarb. desse overordna målsettingar:

#### **Prioriterte overordna/ tverrfaglegemål**

- Tilpassa opplæring
- Skulen som lærande organisasjon
- Læringsstrategiar
- Vurdering
- Samarbeid heim skule
- Sosial kompetanse
- Kulturopplevingar.

#### **Vurdering av måloppnåing**

Skulen er ein lærande organisasjon i utvikling, stadig på vei mot nye mål og nye utfordringar. Vi har eit godt kvalifisert, og fagleg dyktig personale på skulen vår. Kvar dag prøver vi i møte med borna å gje kvar einskild tilpassa opplæring. Dette utviklar i større grad meistringkjensle, slik at dei får trua på eiga evne til å lære. Dette er vanskeleg å måle, gjere noko konkret vurdering av, men vi strebar for at alle skal trivast, og ha glede av å lære. Skulen skal slik fremme ein kultur for læring. Vi arbeider med opplæring i grunnleggane ferdigheitar, og her har vi gode vurderingsverktøy, for å sikre at opplæringstilbodet skal vere av god kvalitet. Elles har det vore prioritert kompetansehevingskurs i tråd med Kunnskapsløftet, spesielt innan norsk og matematikk. Ikt og Pedit har og vore prioritert. Alle lærarar har arbeid med å ta i bruk Pedit i det daglege arbeid.

Det er og gjort eit arbeid i forhold til planer for det einskilde fag i tråd med Kunnskapsløftet. Midøy og Raknes skule har utarbeida felles fagplanar, for å sikre eit mest mogleg likt opplæringstilbod unntatt skule. Dette var eit veldig viktig arbeid, då elevane skal til felles skule ved 5. trinn. Dei overordna måla har gjennomsyra opplæringa, opplæringsplanane, og sikrar med det i større grad det overordna målet for kommunen om eit kvalitetstilbod innan opplæring.

### **Forklaring på avvik mellom budsjett og rekneskap**

**2120 Raknes skule** hadde i 2006 ei økonomisk ramme på 3 580 300,- med endring vart det ei ramme på 3 628 732,-. Det har vore eit forbruk på 3 673 285,- Dvs. eit forbrukt budsjett på 101 %. Mesteparten av budsjettet har gått til fast lønn. Post 1020 vikarar har eit forbrukt budsjett på 164 %. Det var i utgangspunktet 42 900,- på budsjettet, dette vart endra til 72 000,-. Regnskapet fekk ein slutt sum på 117 976,-. I kr er dette eit avvik på 45 976,-. Noko av avviket kan forklarast med kursing/ kompetanseheving av personalet i forb. med den nye skule reforma. Post 1172 div reiseutg. Har eit avvik på 4048,- I prosent vart dette eit forbrukt budsjett på 411%. Kommentar; dette har og ein samanheng med ekstra kursing ifm innføring av Kunnskapsløftet. Post 1200 inventar, utstyr og kjøp av maskiner har eit forbrukt budsjett på 230 %. Dette utgjør i kr 15 736,- avvik frå budsjettet 12 100,-.

Det totale forbrukte budsjett vart då på 101 %. Altså eit avvik på 44 553,-.

I kroner og øre har Raknes skule den største budsjett sprekken på bruk av vikarar.

### **2820 SFO**

Dette vart ei dyr ordning for kommunen, med få påmelde og dermed sviktande inntekter. I tillegg til det, ei gratisordning med null inntekt. Ordninga vart difor avvika frå nytt år. Ein kunne ikkje her finne auka inntekter, oppslutninga var ikkje god nok, ei heller stigande.

Den totale budsjett ramma var på 85 100,-, regnskapet vart på 171 301,-. Dvs. eit forbrukt budsjett på 201 %. Avviket vart på 86 201,-. Den største budsjett sprekken skriv seg frå 1010 fast løn, med eit forbrukt budsjett på 144 %

Det totale forbrukte budsjettet for Raknes skule og SFO var 104 % som utgjør eit avvik på 130 754,-.

### **Viktige hendingar**

Kunstgrasbane, nærmiljø anlegg i regi av den lokal velforeininga, vart påbegynt i desember. Vi gleder oss til den er ferdig. Dette er eit viktig trivsels tiltak for borna, då uteområdet består av mykje asfalt.

Nybonia- prosjektet vart vidareført, og borna fekk nye spanande dagar på sjøen. Godt, lærerikt og lokalt forankra tiltak.

Vi har og eit pilot prosjekt gåande med rettleiing frå Statped Vest. Dette gjeld trening i alternativ kommunikasjon, Pecs, som er ein alternativ tilnærming til kommunikasjonsopplæring for barn som har vanskelig med å tilegne seg eit sterkt vokalt imitasjonsrepertoar. Ein lærer barnet å ta initiativ til kommunikativ samhandling i ein sosial kontekst. Eit svært viktig og prioritert tiltak ved vår skule.

Elles held vi fram med viktige prosjekt som Pc-lese prosjekt for dei minste og uteskule.

### **Viktige utfordringar framover**

Innføring av ei ny skulereform gjer oss mange utfordringar framover. Moa å få dei overordna måla inn i fagplanar, som igjen skal gjennomsyre heile skulen sitt virke og fremme ein god kultur for læring. Måla skulen arbeider i mot skal bli tydelegare, og ein skal i aukande grad vektlege elevane sine grunnleggande ferdigheitar. Tilpasse opplæringa til den einskilde sine føresetnader er og eit viktig mål. Elles vert det viktig med vidareutvikling av skulen som ein lærande organisasjon. (Læringsplakaten med sine 11 grunnleggande krav). Gjennom kommunens utviklingsmål skal skulen kvalitetsutviklas på alle nivå i grunnopplæringa. Her er kompetanseheving av personalet og ei viktig satsing for kvalitetsheving på alle nivå.

### **3.3 Årsmelding eining Midøy skule**

Barneskule (småskulen) 1. – 4. klasse.

Tilbodet omfattar undervisning, spesialundervisning og SFO.

#### Elevtal vår 2006: 41

4 elevar får ekstra morsmålopplæring (framandspråklege elevar).

Assistentressurs på 20 v/t på 4.kl.

#### Elevtal haust 2006: 41

6 elevar får ekstra morsmålopplæring (framandspråklege elvar).

### **Faktadel/ ressursbruk og økonomi**

#### Vår 2006

Tilsette: Rektor:	100,00%	stilling
4 kontaktlærarar	365,35%	”
1 timelærer	65.35%	”
Assistentar	75,94%	”
SFO	37,97%	”

#### Haut 2006

Tilsette: Rektor	100,00%	stilling
4 kontaktlærarar	365.35%	”
1 timelærer	61.65%	”
*Assistent	47,47%	”
SFO (Utvida tilbod ettermiddag)	80,69%	”

\* lånte bort 5 assistenttimar til Raknes skule hausten 2006 for å løyse eit akutt behov for ekstraressurs ved Raknes skule.

## Økonomisk ramme og forbruk

### Ansvar: 2110 Midøy skule

Art	Budsjett	Budsjett inkl. endring	Regnskap	% forbrukt budsjett
1010 Fast løn	2 268 100	<a href="#">2 190 589</a>	<a href="#">2 216 148</a>	101
1020 Vikarar	37 200	<a href="#">70 800</a>	<a href="#">68 585</a>	97
1040 Overtid	0	<a href="#">0</a>	<a href="#">10 193</a>	0
1090 KLP	25 900	<a href="#">30 400</a>	<a href="#">24 537</a>	81
1091 STP	228 100	<a href="#">228 100</a>	<a href="#">210 001</a>	92
1092 Personforsikringar	6 000	<a href="#">6 000</a>	<a href="#">96</a>	2
1093 OU-midler	0	<a href="#">0</a>	<a href="#">1 711</a>	0
1099 Arbeidsgjevaravgift	361 700	<a href="#">366 400</a>	<a href="#">342 284</a>	93
1100 Kontormateriell	7 700	<a href="#">7 700</a>	<a href="#">11 545</a>	150
1105 Undervisningsmateriell	53 400	<a href="#">78 400</a>	<a href="#">65 083</a>	83
1115 Matvarer	0	<a href="#">1 600</a>	<a href="#">7 307</a>	457
1120 Forbr.matr./råvarer/tenester	13 300	<a href="#">23 300</a>	<a href="#">23 819</a>	102
1130 Post,bank,telefon	10 900	<a href="#">10 900</a>	<a href="#">12 142</a>	111
1150 Opplæring,kurs	10 300	<a href="#">10 300</a>	<a href="#">10 824</a>	105
1160 Reiser,diett,bil-oppg.pl.	5 000	<a href="#">5 000</a>	<a href="#">3 589</a>	72
1165 Andre oppgåvepl.godtgj.	2 300	<a href="#">2 300</a>	<a href="#">0</a>	0
1170 Transport/egne transportmidler	191 800	<a href="#">191 800</a>	<a href="#">185 003</a>	96
1172 Div.reiseutg. ikkje oppgåvepl.	1 200	<a href="#">1 200</a>	<a href="#">2 257</a>	188
1185 Forsikringer,vakttjenester	6 400	<a href="#">7 300</a>	<a href="#">7 282</a>	100
1195 Avgifter,gebyrer lisensar	8 400	<a href="#">8 400</a>	<a href="#">7 223</a>	86
1200 Inventar, utstyr og maskiner - kjøp	12 300	<a href="#">12 300</a>	<a href="#">31 726</a>	258
1220 Inventar, utstyr og maskiner - leie	11 400	<a href="#">11 400</a>	<a href="#">11 235</a>	99
1240 Service-/driftsavtaler	6 200	<a href="#">6 200</a>	<a href="#">1 475</a>	24
1429 Meirverdiavgift utanfor mva-loven	0	<a href="#">0</a>	<a href="#">34 602</a>	0
1700 Frå staten	-138 000	-138 000	-94 358	68
1710 Refusjon sjukeløn	0	<a href="#">0</a>	-40 103	0
1770 Frå andre (private)	0	<a href="#">0</a>	-21 141	0

<b>Totalt</b>	<b>3 129 600</b>	<b>3 132 389</b>	<b>3 133 066</b>	<b>100</b>
---------------	------------------	------------------	------------------	------------

Som vi ser ovanfor så er det 100 prosent balanse mellom budsjett 2006 og rekneskap 2006. Dette har vi oppnådd ved å justere drifta gjennom løypande planlegging gjennom året.

#### **Kommentarar til einskildpostar**

2110.1700 Frå staten: Refusjon framandspråk. Det er her budsjettert med inntekter på 138 00 kr. Men enda opp med ein refusjon på 94.000 kr. Dvs. ein svikt i inntektene på heile 44 000 kr. Dette vart vi gjort oppmerksom på tidleg i haust og kunne då justere dette.

2110.1770 Frå andre (Private). Dette er refusjon frå Utdanningsforbundet for frikjøp av ein vektime for ein lærar (kasserar i Utdanningsforbundet) tilsett ved Midøy skule.

2110.1710 Refusjon sjukeløn. 2110.1020 Vikarar. Ser desse to postane under eitt. Vi har veldig lite sjukfråvær ved skulen. Budsjettert med 70 800 kr til vikarar. Brukt 68 585 kr, men fått refundert 40 103 kr. Denne refusjonen skuldast ei langtidssjukemelding. Dvs. ein netto vikarutgiftspost på 28 482 kr. Ein veit og at av denne vikarutgifts -posten er det lite som er utgifter som skuldast sjukefråvær. Mesteparten er vikarutgifter i samband med kursering (kunnskapsløftet).

2110.1200 Inventar, utstyr og maskiner – kjøp. Her har vi eit meirforbruk. Vi har prioritert ei satsing på IKT ved skulen. Bygd ut trådløst nettverk over heile skulen og kjøpt inn nye godt utstyrte berbare PC-ar til å nytte i undervisninga. Vi prioriterte den investeringa i 2006 og har no eit svert så moderne og tidsmessig nettverk både for elevar og lærarar.

#### **2810 Skulefritidsordninga Midøy**

	<u>Budsjett 2006</u>	<u>Regnskap 2006</u>	<u>% forbruk budsjett</u>
Totalt	82700	109883	133
1010 Fast løn	103300	167832	162
1600 Brukarbet.	-70000	-119771	133

Dette gir eit overforbruk på 27 173 kr. Grunnen til dette overforbruket er: Hausten 2006 vart det starta opp eit etter- middagstilbod. Ein viste då at ein måtte ha 5 elevar for at dette opplegget skulle gå i balanse økonomisk. Men i søknadsskjemaet stod det at det vart kravd minst 3 påmelde for at tilbodet skulle bli sett i verk. Vi hadde då ikkje noko anna val enn å køyre tilbodet fram til nyåret. Tilbodet vart då sett i verk med 4 påmelde som førte til dette overforbruket. Som vi ser av tala så er det totale overforbruket (27 173 kr) lite i forhold til overforbruket lønn (64 532 kr). Grunnen er at vi fekk inn mykje meir i brukarbetaling enn budsjettert (49 771 kr).

### **Driftstiltak**

For å spare inn på drifta har vi frå hausten 2006 slått saman 3. og 4. klasse i bading. Ved å ta to badetimar samanhengande annankvar veke sparar vi inn halvparten av kysstutgiftene. Er ikkje aktuelt å gjere det same for 1. og 2. klasse då dei er for mange til å ha i bassenget samtidig. Vi køyrer også saman 1. og 2. klasse og 3. og 4. klasse i musikk og uteskule.

### **Mål**

Arbeide for å skape eit trygt og godt lærings- og oppvekstmiljø. Tilbakemeldingar frå føresette tyder på at dei er godt nøgde med skulemiljøet og opplæringa elevane får.

### **Måloppnåing**

Tilbakemeldingar frå føresette tyder på at dei er godt nøgde med skulemiljøet og opplæringa elevane får.

### **Forklaring på avvik mellom budsjett og rekneskap**

Gjekk grundig gjennom dette under punkt 2. Sjå ovanfor.

### **Viktige hendingar**

Handsaminga av skulestrukturutvalet sin rapport i og vedtak i kommunestyret.

### **Viktige utfordringar framover**

Elevgrunlaget for dei første åra ser ut til å vere stabilt på dagens nivå med små justeringar opp eller ned frå år til år. Utfordringa her vil verte ei justering/ balansering av elevtalet mellom Raknes og Midøy skule. Verkemiddelet er då flytande grenser for å få til ei jammare fordeling av elevane mellom skulane ved oppstart i første klasse.

## **3.4 Årsmelding eining Midsund barnehage**

Midsund barnehage vart i slutten av 2005, ein treavdelings barnehage, med ca 50 barn kvar dag.

Avd. Marihøna:	9 barn under 3 år
Avd. Regnbuen:	15 barn over og under 3 år (blanda)
Avd. Blåklokka	18 barn over 3 år.

Det spesielle og trivelige ved Midsund barnehage er at det er barn av mange ulike nasjonalitetar. Dette utfordrar foreldresamarbeidet vårt og arbeidet med barna. Mange ulike kulturar kjem til uttrykk. Personalet treng difor mykje ny kunnskap. Språket er ei stor utfordring, og liksom foreldresamarbeidet. **14 barn representerte ein annan nasjon enn Noreg i 2006.** Midsund barnehage har ventelister, trykket for å få barnehageplass i sentrum er stort.

### **Faktadel**

Midsund barnehage har 10 årsverk, fordelt på 13 personar. Alle er kvinner, det er eit nasjonalt mål å rekruttere menn, til barnehagane, også i Midsund. Vi er heldige å ha førskulelærarar i alle påkravde stillingar, men pga permisjonar hadde vi ikkje nok førskulelærarar i vikariata. Vi ser vi treng kompetansen frå desse. Krava til drift av

barnehage blir stadig større. Sjukefråværet var forholdsvis stort pga et ungt personale med mange små barn. Vikarar har ikkje alltid vore like lett å oppdrive, noko som gjer drifta ekstra vanskelig i periodar.

### **Vurdering av måloppnåing**

Mål i Økonomiplana, er at ”**det skal skapast eit trygt og godt oppvekstmiljø**”.

Med påbygging av ny avdeling og aukande barnetal, ser vi at konsekvensen blir mindre uteareal, og mykje meir slitasje. Uteområde var svært utarma frå før. Når 50 barn spring rundt kvar dag, ser vi at området blir gjørmete og tre- røtene ligg oppå jorda. Uteområdet ved Midsund barnehage må utvidast og fornyast. Der er svært få leikeapparat, eks må 50 barn dele to disser. Økonomien har i årevis vore slik at dette ikkje kunne prioriterast innafør budsjettet. Utover dette viser det seg at foreldre er fornøgd med barnehagen.

### **Nasjonalt og kommunalt mål: ”Barnehageplass for alle.”:**

På grunn av utbygging av ny avdeling i slutten av 2005 har ventelistene minka betraktelig. I 2006 hadde vi likevel venteliste, då helst for barn under 3 år. Ved utgangen av 2006 var det to barn over tre år som hadde 50% plass som ønska å få 100 %. Tre barn under 3år venta på det same. Tre barn hadde ikkje barnehageplass i det heile, og fire barn ønskjer å flytte frå anna barnehage, til Midsund barnehage. Ventelistene var stabil heile året, auka berre litt. Barnetalet ser ut til å gå litt ned i kommunen. Med dette begynner det å nærme seg full behovsdekning i barnehagane.

Barnehageplana for Midsund kommune om ”Kompetent personale:”

Vi har akkurat nok førskulelærarar, fleire med vidareutdanning. Dei fleste av assistentane har Barnepleieutdanning eller Fagbrev i barne og ungdomsarbeid. Samarbeidet med andre kommunar har gitt oss muligheita til kursing og temadagar ilag.

### **Midsund barnehage sin Visjon:**

” Heil plass, halv plass, stor eller lite, gut eller jente, lang eller kort dag, bakgrunn som norsk eller utanlandsk,- målet er unnsett at i barnehagen er det fint å vere og mykje å lære!

### **Forklaring på avvik mellombudsjett og rekneskap**

1010 Fastlønnavvik på 520 571,- pga lønsoppgjjer, permisjonar

1020 1030 vikarar, avvik pga underbudsjettering, mange småbarnsmødre, fleire langtidssjukemeldingar, den femte ferieveka. Vi er kritiske før vi leier inn vikar. Vi sjekkar om vi kan samarbeide på huset, vi har hatt ei dame på språktrening to dagar i veka som har gått inn som ”gratis vikar”. Det må også seiast at styrar som har 100 % administrasjonstid ofte går inn som vikar, og såleis blir eit skjult element, men med store innsparingar. Vi går på grunnbemanning, noko som gjer at blir ein person borte må den erstattast når heile barnegruppa er til stades.

1040 overtid avvik ”rette vegen” har minuset på møter på kveld



- 1100 1105 innsparing over fleire år gjer at ramma er så nedpint at smertegrensa er nådd. Den dagen møblar eller kvitevarer skal utnyttast, sprekk budsjettet.
- 1150 kursavvik på kr 26 086. Dette pga av Midsund barnehage betalte felles kursutgifter interkommunalt, noko som skal ha kom inn igjen til kommunen.
- 1600 brukarbetaling avvik på kr 154 197 må vere grunna søskenmoderasjon,- vi har mange søskenflikkar. Vi har ikkje køyrt med ledig kapasitet. Ein grunn kan også vere at vi har hatt færre barn under 3 år enn budsjettert.

### **Viktige hendingar**

Ny lov om Barnehagar og ny Rammeplan for barnehagen, kom i 2006. Arbeidet med å implementere desse starta i 2006 og må fortsette i 2007. Vi såg og ser behovet for kursing.

Midsund barnehage køyrde eit prosjekt med støtte frå Møre og Romsdal fylke ang. dette. **”Korleis betre språkforståinga til barn generelt og framandspråklige spesielt?”** Dette ønskjer vi å utvikle vidare i 2007.

### **Viktige utfordringar framover nb!!!! nb!!!!**

Barnehagane fikk heller ikkje i 2006 gjort ferdig arbeidet for få stempelet Godkjent. Dette arbeidet må prioriterast i 2007, i samarbeide med andre einingar.

Budsjettet må være så romslig at ein kan leve med det. Vi har hatt så store kutt over så mange år, at smertegrensa er nådd. F.eks. mange gamle kvitevare skrik no på siste verset. Med over 50 barn blir det mykje slitasje på møblar og leiker.

Uteområdet ved barnehagen må utvidast og oppgraderast, med nye leikeapparat. Bakken må drenerast for vatn, då det alltid er vått i bakken. Sidan den tredje avdelinga kom vart uteområde mykje mindre. Det er lite flate områder for dei små barna. Vi ønskjer oss ein del av Bøe-feltet til leikeområde, og kanskje felles parkanlegg for dei andre institusjonane.

Møterom manglar vi. Med tre avdelingar ser vi ofte behov for dette. Vi har samarbeid med foreldre, PPT, barnevern osv, og dette har vi ikkje eigna lokalar til. Pauserommet er det einaste vi har, og det er IKKJE populært å okkupere dette.

Krava til barnehage blir stadig større. Midlar til kompetanseheving blir viktig.

**Tips.** Midsund barnehage burde brukast til eit anna formål,- og ein ny eigna stor barnehage burde bli bygd opp.

### **3.5 Årsmelding eining Raknes barnehage**

- Raknes barnehage har i 2006 hatt ei avdeling med 19 plasser for barn i alderen 1-6 år. Per desember 06 hadde 19 barn plass i Raknes barnehage.
- Raknes barnehage hadde i desember 4.44 årsverk fordelt på 6 damer. 1 årsverk var knytt til barn med spesielle behov.
- Barnehagen har 10 timar opningstid som dekker foreldra sitt behov per i dag.
- Barnehagen hadde ei kostnadsramme for kommunen på kr 239 100,- i 2006. Rekneskapet viste eit overskott i 2006 på kr 94 511,-. Jfr. avviksforklaring.

#### **Mål for 2006 – Økonomiplanen 2006**

- Eit opplevd kvalitetstilbod innan opplæring, oppvekst og kultur.
- Kommunen ønskjer born og unge med eit positivt sjølvbilete, lokal identitet og vilje til å ta ansvar.

#### **Gjennomførte driftstiltak og investeringstiltak i 2006**

I Økonomiplan 2006 er ingen tiltak prioritert innan drift og investering i 2006 på barnehageområdet. Heller ingen politiske vedtak i løpet av året har endra på dette.

#### **Vurdering av måloppnåing**

Eit kvalitetstilbod innan barnehagen er avhengig av stabilitet og kvalitet på personalet og ikkje minst faglærde i stillingane. I 2006 har Raknes barnehage vore prega av langtidssjukmeldingar, mangel på førskulelærarar og mykje vikarar. Det som har redda oss er at vi har ei stabil og erfaren personalgruppe som har teke ansvar når det har vore nødvendig, og dyktige vikarar som har trødd til i hektiske stunder. Usikkerheit og lite stabilitet slit på personalet, ein får ikkje tid til utvikling av barnehagen og oppfølging av enkeltbarn som elles. Kvardagen vert prega av å dekke det mest nødvendige.

Raknes barnehage har ein stor del barn som har komen inn pga spesiell livssituasjon. Vi har barnehageåret 06/07 prioritert å ha ein ekstrapedagog med barnevernsutdanning knytt til barn med spesielle behov. Fagkunnskap har styrka planarbeidet, vi har fått satt meir fokus på problemområde, inkludering i barnegruppa og samarbeid med andre instansar. Det er viktig at barn går over i skulen med eit positivt sjølvbilete og at foreldra opplever at dei vert teken på alvor.

#### **Avvik mellom budsjett og rekneskap**

##### 1010 Fast løn - Meirforbruk på kr 300 000,-.

- Årsaka er høgt lønsoppgjer i 2006.
- Barnehagen har hatt 50-100% stilling som ekstraassistent/pedagog gjennom heile året. Dekt opp gjennom statsstøtte for barn med spesielle behov, jf 1700 frå staten.
- Sjølv om det er eit meirforbruk i 2006 skulle dette ha vore langt høgare hadde det ikkje vore for at ein i store delar av året har gått med ufaglært personal i styrer og pedagogisk leiar stillingar.

#### 1020 Vikarar og 1030 Ekstrahjelp - Meirforbruk på kr 190 000,-.

- Årsaka er to langtidssjukmeldingar store delar av året, jf 1710 refusjon sjukeløn. Refusjon er høgare enn forbruket, noko som skyldast faglært arbeidskraft har blitt erstatta med vikarar med kort ansiennitet og dagar der ein har gått underbemanna pga. at vikar har vore umulig å få tak i.

#### 1090 KLP og 1099 Arbeidsgjevaravgift

- Overforbruk, jf auke i fastlønn.

#### 1600 Brukarbetaling for kommunale tjenester - kr 100 000,- mindre enn budsjettet.

- Barnehagen har hatt full dekning, så eg går ut frå at ein her ikkje har teke omsyn til at foreldrebetalinga gjekk ned i 2006 når ein budsjetterte.

#### 1700 Frå staten - kr 600 000,- meir enn budsjettet.

- Om lag halve summen kjem av at Raknes barnehage har fått overført kommunen sin del av statsstøtta for barn med spesielle behov, jfr 1010 Fastløn.
- Elles meiner eg at inntekter frå staten må ha vore underbudsjettet i 2006.

#### 1710 Refusjon sjukeløn. Jfr. 1020 Vikarar og 1030 Ekstrahjelp.

### **Viktige hendingar**

- Etter 24 års mellombels drift kunne ein i januar 2006 ha opningsfest for barnehagen som vart renovert og utbygd i 2005.
- 2006 var året barnehagane fekk ny barnehagelov og ny rammeplan for barnehagen.
- 2006 var også året alle snakka om barnehagar og rett til barnehageplass. Vi har blitt viktig for rikspolitikarane, men dessverre er fokus på kvantitet og lite på kvalitet.
- På seinhausten vart Arbeidstilsynet kontakta av Hovudverneombod i kommunen vedr. mangel på vilje til utbetring av taket på pauserom/kontor etter ein lekkasje halvanna år tidlegare. Taket vart reparert kort tid etter og ein slapp ein pinlig situasjon med stenging av barnehagen.
- I kommunestyremøte i desember vedtok politikarane at Raknes barnehage skal ha ei friluftsavdeling knytt til ei Grillhytte med 6 plasser for barn i alderen 4-6 år.

### **Viktige utfordringar framover**

- HMS i kommunen. Avklaring av avviksrapportering, ansvar og oppfølging.
- Stabilitet i personalgruppa. Få ned langtidssjukefråveret.
- Full barnehagedekning. Dei siste åra har barna blitt yngre når dei startar i barnehagen, og fleire ønskjer full plass. I 2006 har det vore venteliste heile året.
- Førskulelærarar i alle styrar og pedagogisk leiar stillingar.
- Etablering av friluftsgruppa og skape interesse for den.
- Gjere det beste ut av uteområdet når vi skal fornye ein del uteleikeapparat. Vi vart tildelt kr 40 000,- i høve med etablering av friluftsgruppa. Dette kjem godt med, pga. at Raknes barnehage ikkje har fått midlar til uteleikeapparat før.

### **3.6 Årsmelding Nord-Heggdal barnehage**

På grunn av at det ikkje var pedagogisk leiar ved barnehagen dette året, har det vore stort ansvar på styrar ved barnehagen. Det har også vore vikar i stillinga, to forskjellige vikarar.

Nord Heggdal barnehage er ein 1 avdelings barnehage, med opningstid 0700- 1700. Barnehagen har 18 plasser for barn i alder 0-5 år. Det har vore to personar som har vikariert som styrar, Tanja Kirkeland og Inger Marie Sjøvik frå okt. Det er 3,4 årsverk.

Barnegruppa:

Barnehagen kan tilby heile og halve plassar. Det er også tildelt delte plassar, som til dømes 60 %. I tillegg så har vi praktisert sal av dagar der det har vore ledig kapasitet. Har fått auke i tall små barn, det vil seie barn under 3år.

#### **Mål 2006**

- Få nok personale, og utdanna personale i stillingane som er i barnehagen.
- Få eit meir stabilt personale

#### **Vurdering av måloppnåing**

- første halvdel av 2006 var det dekning av personal, men frå september mangla det utdanna personale. Vikar for styrar frå oktober, ped.leiar på disp november og desember.
- Det var også i 2006 ein del sjukmeldingar, dermed var det ein del vikarbruk i 2006 også.

Måla blei ikkje oppnådd i og med at det var mangel på pedagogisk personell på hausten, og det framleis er mykje sjukmeldingar.

#### **Forklaring på avvik mellom budsjett og rekneskap**

Til saman har Nord-Heggdal barnehage hatt eit forbruk som stemmer overeins med budsjettet. Det er eit stort overforbruk i forhold til vikarar og overtid, dette på grunn av mange sjukmeldingar gjennom heile året. På grunn av mangel på pedagogisk personell, styrar, har innkjøpa vore små i forhold til undervisningsmateriell, forbruksmateriell og inventar og utstyr. Dette visast på behovet for 2007, då det er behov for innkjøp i forhold til desse postane. Reiseutgiftene er og høgare enn budsjettet, dette på grunn av auka aktivitet i forhold til kurs og møteverksemd. Utgifter til forsikringane er og høgare enn budsjettet.

#### **Viktige hendingar**

Styrar vart sjukmeldt og det kom ingen stedfortredar før etter 3 månadar.

-

#### **Viktige utfordringar framover**

- Vi manglar fortsatt pedagogisk leder, og dermed er det stort ansvar på styrar.
- Det manglar leike og bøker til små barn. Noko som vi ser vi treng , då delen av mindre born vert større for kvar år
- Vi treng auka midlar til kurs.

### **3.7 Årsmelding eining Butenesta**

- Bufellesskapet "Lønn", der det bur 3 brukarar i kvar si leilegheit.
  - 1 brukar som bur i omsorgsleilighet.
  - 1 brukar som bur i eige husvære med BPA (brukarstyrt assistanse).
  - Butenesta omfattar også brukarar som bur i andre kommunar, som Midsund har det økonomiske og overordna ansvaret for.
  - Aktivitetssenteret "Eik".
  - Nattevaktteneste i tett samarbeid med institusjon og heimetenesta.
- Alle brukarane hadde heildøgnsstilbod med individuelt tilpassa tenestefang.

Brukarane i Butenesta har eigne dag- og vekeplanar. Aktivitetstilbodet er ved / skogsarbeid på dagsenteret, postombringning, Vaksenopplæring i Molde og Midsund, musikkskule, og turar i skog og mark . Brukarane nyttar seg også av kulturelle tilbod som blir planlagt og arrangert for funksjonshemma av Molde kommune.

Butenesta har totalt 18,12 årsverk fordelt på 34 tilsette.

#### **Mål og generell informasjon:**

- Butenesta fikk ein ny brukar i juni, som har fått tilrettelagt oppfølging i helger og ferier.
- Det vart oppretta ei stilling som vernepleier, som blir lyst ut i -07.
- Kommunen har tilrettelagt for grunnutdanning i hjelpepleie og omsorgsfag.
- I Butenesta har ein person tatt fagbrevet i hjelpepleie i -06.
- Alle tilsette var i september invitert til "Arbeidsmiljødag", v/ Lars Morterud: "Satsing på et betre arbeidsmiljø".
- Planlegging av eit nytt aktivitetssenter.
- Dirk Ole Andersen slutta i si stilling hausten-06, og Heidi Rakvåg vart tilsett som ny einingsleiar.

#### **Utfordringar framover:**

- Vidare planlegging av nytt aktivitetssenter .
- Få ro rundt forslaget om å bygge nye bustader. Vi ønskjer ikkje at våre brukarar må flytte frå sine trygge heimemiljø på "Lønn".
- Få ned sjukefråværet.
- Kompetanseheving og stabil arbeidskraft.
- Stabilitet på leiarsida.

### 3.8 Årsmelding eining Heimetenesta

Heimetenesta omfattar heimesjukepleie, Tunet/heimehjelp, drift av bukollektiv for eldre, drift av 32 bustader. Ansvar for ein brukar med heildøgnsstilbod i samarbeid med institusjonen. Samarbeider nært med institusjonen når det gjeld matombringning, dragplassar, korttidsplassar og brukarar tilkopla vaksentralen med tryggleiksalarmar. Merkantiltenesta ligg under heimetenesta, men betener også institusjonen.

#### **Tilsette/årsverk:**

Heimesjukepleia:

- 7 tilsette (6 sjukepleiarar (inkludert leiar) og 1 hjelpepleiar), årsverk: 5,42

Tunet/heimehjelp:

- 9 tilsette (1 hjelpepleiar og 8 assistentar), årsverk: 5,15

B-gjengen:

- 5 tilsette der alle er assistentar. Ein av dei gjekk i vernepl stilling, årsverk: 2,54

Merkantil: 3 tilsette, årsverk: 1,5

BPA (ordning med brukarstyrt personlig assistent): 2 tilsette, årsverk: 1,04

#### **Økonomisk ramme og forbruk:**

##### **Hele utvalet**

Ansvar	Budsjett	Budsjett endring	inkl.	Regnskap	% budsjett	forbrukt
3710 Heimesjukepleie	7 218 300	<u>7 272 200</u>		<u>7 580 599</u>	104	
<b>Totalt</b>	<b>7 218 300</b>	<b>7 272 200</b>		<b>7 580 599</b>	<b>104</b>	

Art	Budsjett	Budsjett inkl. endring	Regnskap	% forbrukt budsjett
1010 Fast løn	4,110,400	4,152,100	3,982,834	96
1011 Avtalefesta tillegg	577,600	577,600	661,493	115
1020 Vikarar	404,900	404,900	1,145,604	283
1030 Ekstrahjelp	88,600	88,600	166,080	187
1040 Overtid	54,600	54,600	217,023	397
1050 Anna løn , trekkpl.godtgj.	263,400	263,400	301,788	115
1090 KLP	604,200	609,700	607,205	100
1091 STP	0	0	519	0
1092 Personforsikringar	16,400	16,400	10,654	65
1093 OU-midler	0	0	3,075	0
1099 Arbeidsgjevaravgift	862,700	869,400	893,717	103
1710 Refusjon sjukeløn	0	0	-623,802	0

<b>Sum lønn</b>	<b>6,982,800</b>	<b>7,036,700</b>	<b>7,366,190</b>	
1100 Kontormateriell	5,000	5,000	4,962	99
1110 Medisinsk forbr.materiell	54,000	54,000	26,398	49
1114 Medikamenter	1,500	1,500	0	0
1115 Matvarer	2,000	2,000	115	6
1120 Forbr.matr./råvarer/tenester	20,000	20,000	9,612	48
1130 Post,bank,telefon	10,000	10,000	16,938	169
1140 Annonse,reklame,info	2,000	2,000	300	15
1150 Opplæring,kurs	13,000	13,000	11,815	91
1160 Reiser,diett,bil-oppg.pl.	84,000	84,000	83,336	99
1161 Reiseut.refusjonsberett.	30,000	30,000	0	0
1165 Andre oppgåvepl.godtgj.	3,000	3,000	0	0
1170 Transport/egne transportmidler	0	0	32,446	0
1172 Div.reiseutg. ikkje oppgåvepl.	0	0	3,112	0
1180 Energi	0	0	2,467	0
1185 Forsikringer,vakttjenester	28,000	28,000	23,600	84
1190 Husleige,leige av grunn	0	0	45,501	0
1195 Avgifter,gebyrer lisenser	3,000	3,000	2,309	77
1200 Inventar, utstyr og maskiner - kjøp	15,000	15,000	30,089	201
1210 Kjøp/leige av transportmidl.	60,000	60,000	36,653	61
1231 Vedlikehald løn	75,000	75,000	69,222	92
1240 Service-/driftsavtaler	2,000	2,000	0	0
1260 Reinhold,vaskeritjenester	0	0	1,356	0
1429 Merverdiavgift utenfor mva-loven	0	0	39,823	0
<b>Sum varer og tjenester</b>	<b>407,500</b>	<b>407,500</b>	<b>440,054</b>	
1600 Brukerbetaling for kommunale tenester	-170,000	-170,000	-191,340	113
1620 Salg utanfor avg.området	-2,000	-2,000	-28,201	1,410
1770 Frå andre (private)		0	-6,100	0
<b>Sum inntekter</b>	<b>-172,000</b>	<b>-172,000</b>	<b>-225,641</b>	
<b>Totalt</b>	<b>7,218,300</b>	<b>7,272,200</b>	<b>7,580,603</b>	

### **Mål 2006:**

Personell: Eit personell fullførte hjelpepleieutdanninga. Ikkje oppnådd: Ikkje kvalifiserte søkjarar til 75 % vernepleiarstilling. Framleis ikkje full dekning av kvalifisert personell i heimetenesta. Fagleg måloppnåing: oppstart og opplæring av profil er i drift.

### **Avvik mellom budsjett og rekneskap:**

Innleie av "DF-vakt" (ekstra pers) dei dagane dagsenteret var stengt. Personalressursen blei brukt på institusjonen og betalt av heimetenesta. D6-(i utgangspunktet 3 t) vakter på helg i heimesjukepleia står ikkje på turnus og blir ekstraavgifter. Overtid – i periodar begrenset tilgang på vikarar. Må bruke dei som er frisk og kjent i tenesta. Generell auke av lønningane i tillegg til auke i avtalefesta lønn.

### **Viktige hendingar:**

Merkantil hadde eit personell til utprøving/arbeidstrening gjennom Bergmoprodukter. Arbeidsmiljødag - Satsing på eit betre arbeidsmiljø. Fortsatt stort sjukefråvær og nokre ute i svangerskapspermisjon – periodevis store problem med å få tak i vikarar. To tilsettingar av leiarar dette året, begge slutta etter kort tid i stillinga. Kort periode med samanslåing av Butenesta og Heimetenesta. Tilsatt hjelpemiddelansvarleg 10 %. Prosedyrar under utarbeiding. Besøk av Helsetilsynet – etterarbeid i etterkant av det er i gang. Oppstart av prosjektgruppe for å få fram fakta om ressursbruken i heimetenesta.

### **Viktige utfordringar framover:**

Få ned sjukefråveret - mindre slitasje på resterande personell. Kompetanseheving og stabil arbeidskraft. Stabilitet på leiarnivå.

## **3.9 Årsmelding eineing Sjukeheimen**

Tenestene er heimla etter lov om sosiale tenester mv og lov om helsetenester i kommunen. Midsund sjukeheim har 30 plassar fordelt på tre avdelingar med 10 plassar på kvar. 10 av plassane er skjerma eineing. Kommunen/institusjonen skal gi tilbod om både langtids- korttids- rehabilitering- og avlastningsplassar til sine innbyggjarar. Drifta ved sjukeheimen omfattar langt fleire enn bebuarane på Sjukeheimen.

Ved **kjøkkenet** blir det produsert om lag 80 middagar dagleg. Fleire får tilrettelagt og dei andre måltida. Dei driv og kantineverksemd. Utkøyring av middagar er eit samarbeid med kommunen, frivillige enkeltpersonar og Rotary.

**Nattenesta** er samordna med heimetenesta. Vaktentralen ligg til sjukeheimen med om lag 40 tryggleiksalarmar samt at 20 bustadar er tilkopla med sjukesignal.

Mellom heimesjukepleien og institusjon er det ein samordna personalressurs i høve enkelt brukarar samt at **sjukepleietenesta** er organisert i ein felles turnus.

**Aktivitetssenteret** gir tilbod til bebuarar på institusjon samt heimebuande brukarar. Hovudtyngda av brukarane tilhøyrrer heimetenesta.



**Talet på årsverk:**

Midsund sjukeheim: 30.61.

Aktivitetssenteret: 2,2 \* 0.2 årsverk knytt opp til psykisk helsevern i 2006.

**Økonomi:**

	<b>Budsjett 2006</b>	<b>Rekneskap 2006</b>
Midsund sjukeheim	12.900	14.100
Aktivitetssenteret	828	822

**Midsund sjukeheim:**

- Alle lønspostane må sjåast i lag med refusjon sjukepengar – 1710
- Meirutgifter på sjukeheimen skuldast og høgt sjukefråvær i heimesjukepleien som har utløyst heimevakter.
- På løn er det tilsynelatande så store avvik at eg har valt å kommentere dei ulike postane.

**Avvik**

## 1010 Fastløn:

- Meirutgifter grunna lønsauke langt utover budsjetterte rammer samt omorganisering. Stipulert meirutgifter på om lag kr 180 000.-
- Underbudsjettering på talet på årsverk. Noko vart justert våre 2006, men ikkje alt. 0,9 årsverk i heimesjukepleien som skulle overførast til sjukeheimen er ikkje gjort/justert. Dette utgjer om lag kr 320 000.- inkl. sosiale utgifter.
- Budsjettert med rimelegare arbeidskraft enn kva ein har hatt tilsett sett i høve oppretta stillingsheimlar.
- Høgt sjukefråvær
- Totalt meirforbruk på kr 567 000,-.

## 1011 Avtalefestatillegg:

- Heng saman med meirforbruk fastløn.
- Kr tillegg for fagarbeidar med meiransvar, når det ikkje er sjukepleiar på i aktiv teneste, kr 35 000.- Synes ikkje å vere lagt inn i budsjettet for 2006.
- Laurdag – og søndagstillegget auka frå kr 18,-(f.o.m. 01.01.- 31.04.06 kr 23,- f.o.m. 01.05.06 auka til kr 27,-). Utgjer om lag kr 90 000.- i meirutgifter enn budsjettert.
- Kveldstillegget auka mykje som følgje av auke i løn => stor meirkostnad som det ikkje har vore teke omsyn til ved budsjettering. Har ikkje rekna ut eksakt beløp men stipulert det til om lag kr 100 000,-.(Lagt inn eit snitt på kr 5,- i meir i timen f.o.m. 01.05.06).
- Høgt sjukefråvær.
- Totalt meirforbruk på kr 405000,-

## 1030/1020 Vikar/ekstrahjelp:

- Meirkostnadar på løn grunna overbelegg på pasientar hausten 2006 kr 125 000,-
- Høgt fråvær => innleie av vikarar => auka utgifter til opplæring.
- Totalt meirforbruk på kr 765 000,- NB! Sjå under 1710.

#### 1040 Overtid:

- Underbudsjettet i mange år. Her blir utgiftene til heimevakt ført. Heimevakt blir utløyst grunna mangel på sjukepleiarkompetanse. Kommunen skal i henhold til lov om Helseteneste ha sjukepleiar på enten i aktiv eller passiv teneste. Forbruk har dei seinare åra vore om lag kr 210 000,-. Medan vedtatt budsjett er på kr 58 000,-. Eit meirforbruk på kr 141 000,-.

#### 1099 Arbeidsgjevaravgifta:

- Auke i meirforbruk skuldast ovannemnde tilhøve. Meirforbruk på kr 77 000,-.

Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon har vi eit mindreforbruk på kr 15 000,-

#### 1300 Kjøp av tenester frå staten

- Meirforbruk på kr 154 300,-. Dette skuldast liggedøgn på sjukehus for ferdigbehandla pasientar.

#### 1600 Brukarbetaling

- Mindre inntekter enn budsjettet. Inntektstap på kr 121 500,-.

#### 1620 og 1623 - Sal av mat - kjøkkenet

- Meirinntekter på kr 247 000,-.

Aktivitetssenteret går med eit samla overskot på kr 6 000,-.

#### **Mål for verksemda:**

Midsund kommune følgjer sentrale normer og har nok plassar med heildøgns omsorgstilbod. Omsorga blir gitt med utgangspunkt i brukarane sine ressursar, slik at brukarane opprettheld sin integritet og sjølvstende. Følgje intensjonane i lov – og avtaleverk for å sikre kvalitative gode tenester.

#### **Gjennomførte driftstiltak/investeringstiltak:**

Avslutta ombygging og renovering av sjukeheimen. 6 rom i vestfløya er avstengt og ikkje renovert. Heimetenesta og butenesta har vore omorganisert to gonger i løpet av 2006. I slutten av året var det tre einingar; Sjukeheimen, Butenesta og Heimetenesta.

#### **Vurdering av måloppnåing:**

Sjukeheimen har hatt eit belegg på 30,1 pasientar i gjennomsnitt på året. Vi har hatt vanskar med å etterkom førespurnaden etter plass. Trykket på sjukeheimen har vore stort heile 2006. Periodane med overbelegg gir ein merkbar auke i belastning. Pasientane på sjukeheimen er meir hjelpetrengande og har behov for meir spesialiserte tenester enn før. Ein annan kompliserande faktor er mangel på fagkompetanse; spesielt sjukepleiarar. Kommunen har i periodar hatt fleire ferdigbehandla pasientar liggande på sjukehus samstundes som heimebuande eldre/funksjonshemma ikkje har fått tilbod om rehabilitering eller avlastning. Lite tilfredsstillande situasjon for alle berørte partar.

Lite koordinering av drifta mellom dei ulike deltenestene innan pleie- og omsorg. Ustabil leiarsituasjon innan deler av pleie- og omsorgstenesta, fører til vanskar og innanfor dei andre deltenestene innan dette området. For å få dette til må prosessen leiast og det må vere engasjement på alle nivå.

#### **Viktige hendingar:**

- Opning av nyrenovert sjukeheim i februar 2006.
- Innføring av regelmessig internundervisning og opplæringslogg av nyttilsette/vikarar. Nye arbeidsplanar/turnus for dei tilsette.
- "Negativt" mediafokus.
- Ny administrativ organisering. Fleire leiarskifte i butenesta og heimetenesta samt omorganisering midt i året har prega heile omsorgstenesta - lite tilfredsstillande.

#### **Utfordringar framover:**

- **Vidareutvikling av tenestetilbodet:**  
Talet på hjelpetrengande er aukande. Tenestene må betre samordnast for å sikre god kvalitet og mangfald, slik at ein er i stand til å møte morgondagens utfordringar. Talet på plassar med heildøgnsomsorg må aukast.
- **Kvalitet og internkontroll**  
Tenesta har ikkje gode nok system for internkontroll og kvalitet. Dette må prioriterast for å stette dei lovkrava som gjeld, og for å sikre kvalitet og tryggleik både for bebruarane og personalet. Arbeidet må systemiserast.

Teoriar og visjonar må omsettast til praktisk handling og ikkje berre vere "feststale" i politiske fora og på leiarmøtar/samlingar.

Innføring av Profil/EPJ og Ipløs vil krevje ressursar framover.

- **Personalet – rekruttering**  
Sjukefråværet er høgt, og det må leggest vekt på å få det ned. Kommunen må sikre seg sjukepleiardekning ved å setje i verk tiltak både for å behalde og rekruttere. Sikre nok "hender" i omsorgstenesta.

#### **Sluttkommentar:**

Trass i store utfordringar har vi fått til mykje dette året. Dei negative hendingane og sakene har vel hatt ein tendens til å få stor plass både her og andre stadar i organisasjonen. Korleis dette blir handtert er av stor betydning for drifta. Vi har fått ein funksjonell og fin sjukeheimen etter ombygginga. Både personalet og bebruarane har vore tålmodige i byggeperioden. Det er enno ikkje satt sluttstrek for ombygging, då Vestfløya står igjen.

Underskotet på sjukeheimen synes å vere høgt, men når ein ser årsakene til meirforbruket er det ikkje så vanskeleg å forklare. Sær lite kunna vore gjort annleis i 2006. Vi har hatt rimelegare innleie av arbeidskraft, då det er liten tilgang på fagpersonell. I utgangspunktet skulle det gje seg utslag i eit mindre forbruk. Det er difor naturleg å stille spørsmål om heile drifta på sjukeheimen er underbudsjettert i 2006, sett i høve til dei faktiske kostnadane og dei oppretta stillingsheimlane.

Det er ikkje fagleg forsvarleg å redusere drifta, meir enn det som er gjort. Bebruarane og dei andre vi yter tenester til har krav på ein viss kvalitativ og standard i henhald til lov og avtaleverk.

### **3.10 Årsmelding eining Helse**

Legekontor, Helsesystemteneste, Psykisk helseteneste, Barnevern og Fysioterapi. Til saman 8,25 årsverk. For 2006 var det et økonomisk avvik på ansvar 3600 Barnevern. Dette skyldes utgifter til bistand frå sakkyndig, advokat og etablering og tilskott til beredskaps-/fosterheim. Midlar til lønn frå ansvar 3450 Psykiatri er ikkje ført til 3130 og 3600, noe som gir et skjefte bilde av den økonomiske ramma, da det er to halve stillingar som skal finansieras av opptrappingsmidlane.

- **Legekontor:**

- Målet for Midsund Legekontor er å yte best mulig helsemessig tilbod til innbyggjarane. Denne oppgåva løysast på to måtar, gjennom individretta arbeid mot enkeltpasientar på legekontoret og i sykjebesøk, samt gjennom et samfunnsmedisinsk arbeid mot den generelle befolkninga. Den samfunnsmedisinske delen av arbeidet dreier seg i hovudsak om primær og sekundær preventive tiltak. Individretta oppfølging av pasientar dreier seg om utredning, behandling og oppfølging av behandling av sjukdom iverksett hos enkelte pasientar.
- 2006 ble som 2005 et hektisk år. Talet registrerte kontaktar var uendra frå året før, med i underkant av 12000 registrerte kontaktar. Disse fordelt på ca 4500 konsultasjonar, og ca 320 sykjebesøk. Dei siste talla er noe lågare enn året før, 480, og skyldes at vikarierende lege kjørte mye legevakt. Telefoner og andre, enkle kontaktar gir totalt talla. Som i de forutgående årene har det vært stor aktivitet! Dette gjelder for legene samt det øvrige kontorpersonalet.
- Den reduserte bemanninga på onsdagar krevjar mye av den eine som er på jobb når det gjelder talla henvendelser. Dette gjør at pasientrettet journalarbeid som innskriving og journalføring, nedprioriterast.
- Ved sida av det reint pasientretta arbeidet kommer det offentlige helsearbeidet. Dette inkluderer tilsyn med sykehjemmet, heimesjukekepleien, helsestasjon og skolehelsetenesta, samt et aukande tall på tverrfaglig samarbeidsfora som pr i dag teller 17 forskjellige samarbeid. Økt tverrfaglig samarbeidsfora er et gode for innbyggjarane og pasientane i Midsund kommune, da disse fora berører tema innanfor det preventive samt det terapeutiske tilbodet frå legekontoret. Dette skal være et effektivt virkemiddel som et ledd i ein holistisk oppfølging av enkeltindivid, samt i det samfunnsmedisinske arbeidet lokalt.
- Grunna tidsmangel har som i de tidligare årene arbeidet med miljøretta helsevern vært lidande under dette. Da dette er lovpålagt, bør kommunen etterstrebe tiltak for å ta tak i dette. Som et ledd i kvalitetssikringen av dette arbeidet, anbefalast det å leie inn eksterne utøvarar av dette, som foreslått av tidligare kommunelegar.

- Gledelig av året er den nye kommunelege I, Hans-Christian Myklestul, som er tilkomma kommunen etter langvarig søk! Da det over de siste årene har vært høy gjennomtrekk av leger på kontoret, bør det etterstribes tiltak som kan sikre ein meir stabil legedekning over tid. Tidligare har det vært vurdert tilrettelegging av bygningsmassen med et nytt kontor for turnuskandidat. Med to leger som småbarnsforeldre er denne problemstillingen meir aktuell enn noen sinne. Ein turnuskandidat kan også på sikt være ein måte å rekruttere nye leger til kommunen på hvis behov. Ein redusert arbeidsbelastning på de to noverande legene vil være gagnlig med tida, da dette vil sikre ein kontinuitet i drifta på legekontoret.
- De viktigaste utfordringa for 2007:
- Tilrettelegging av legekantor for turnuskandidat
- Oppretting av avtale om miljøretta helsevern med adekvat instans
- Økt stillingsprosent onsdagar ved legekantoret for ein sekretær til
- **Helsesystemteneste:**
- Planområde omfattar administrasjon og utøvende tenester, etter lov om helsetenester i kommunen. Ein har et vidt spekter med samarbeidspartnarar; lege, psykisk helseteneste, sosialkurator, barnevern, flyktningkonsulent, skole og barnehage i tillegg til PPT og BUA.
- **Jordmortenesta**
- arbeider med gravide, ungdomshelsestasjonen, samt undervisning på ungdomsskolen. Hun er tilsett i 0,20 % stilling.
- **Helsestasjonstenesta**
- gir tilbod til familiar frå barnet er fødd, og til det begynner på skolen. Oppgåva er å drive helsefremjande og førebyggjande arbeid med barn og deira familie. Ein legg vekt på heilheta (nettverket) rundt barnet og familien.
- **Skulehelsetenesta**
- gir tilbod årene barna er på skolen. Samarbeid med heim og elev, lærarar og skolens leiinga står i fokus. Det å vere til stades og tilgjengeleg på skulene skaper tryggleik, tillit og tilgjenge for elevane.

#### **Aktivitetar og måloppnåing:**

Av statistikk og kontrollrutinar går det fram at tenestene har fungert etter målsettingar og planer.

#### **Viktige hendingar:**

Brita Sjøvik gikk av med pensjon, og frå da ble det igjen 100 % leiande helsesøsterstilling (Guri Klauset) i kommunen. Ann-Elise Løken vart tilsett i 50 % stilling som helsesøster (opprappingsmidlar). Arbeidssituasjonen som over tid har vært særlig presset, er no bedra etter økt bemanning. Ein har styrka det tverrfaglege førebyggjande psykososiale arbeidet knytt opp mot familiar. Tilbod om ungdomshelsestasjon har vore eit tilbod ein gong pr. månad, lege, jordmor eller helsesyster er tilgjengeleg her.

**Psykisk helseteneste:**

Spesialsjukepleiar (100 %) har ansvar for oppfølging og koordinering av tiltak overfor menneske med psykiske lidningar.

Målsettingar for det psykiske helsearbeidet:

- Fremme sjølvstende og evne til å meistre eige liv
- Auke forståinga for psykiske lidningar og styrke moglegheita til integrering
- Førebygge psykisk sjukdom i kommunen
- Styrke tilbodet til menneske med psykiske vanskar i kommunen

Tenesta har et tett samarbeid med alle innan eining helse, og samarbeider også med andre einingar i kommunen, psykiatrisk poliklinikk, alderspsykiatrisk poliklinikk, NAV Trygd, sosialkurator, skule mv.

Viktige hendingar i 2006:

- Barnevernet vart styrka 50 % ved hjelp av øymerka midlar.
- Informasjon til småbarnsforeldre om psykisk helse
- Ungdomsklubb ved Midsund Skule kvar torsdag
- Helsestasjon for ungdom, torsdagar ved ungdomsklubben
- Aktiv på dagtid kvar torsdag, base ved Aktivitetscenteret
- Tre tilsette i kommunen fullførte vidareutdanning i psykisk helsevern
- Arbeid med ny handlingsplan for det vidare psykiske helsearbeidet vart oppstarta
- Ein har utarbeidd rutinar for psykesosialt arbeid med familiar som har vanskar

Utfordringar som ikkje vart nådd:

- Etablering av bruker- eller pårørandeorganisasjon. Tenesta deltek derimot ved Midsund Kulturforum sine møter.
- Aktivitetstilbodet for yngre brukara vart ikkje auka i 2005.

Utfordringar vidare:

- Etablere felles individuell plan i kommunen
- Spesielt fange opp unge som er i faresona for å utvikle psykisk sjukdom.

Opptappingsplana for psykisk helse vara til 2008, og det er satt i gang tiltak på dei fleste satsingsområda. I tillegg til den daglege oppfølginga og koordineringa av tiltak overfor menneske med psykiske lidningar, må ein ha fokus på førebyggjande tiltak, samt styrking av allereie eksisterande tilbod innan psykisk helsearbeid. Dette for at kommunen skal ha ei brei teneste som i møte kjem brukarane sine behov, også når opptappingsperioden er over.

**Barnevern:**

Målsetjinga er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernet skal vere aktive i å utvikle eit tverrfagleg samarbeid, gje råd og rettleing og informasjon. Barnevernet har ansvar for å overhalde tidsfreistar i samband med gjennomgang av melding og undersøking.

**Viktige hendingar:**

I 2006 vart barnevernet lagt inn under eining helse. Solgunn Moen takka for seg i desember, og Brit Merete Kjerstadmo vart då tilsett. Frå januar har ein hatt full stilling som sakshandsamar. Dette har ført til ei endring i måten å arbeide på, mellom anna får ein større moglegheit til å arbeide meir tverrfagleg og førebyggjande. Ein kan betre følgje opp dei tiltak som er iverksett, ein har moglegheit til å betre fylgje opp einskilde heimar med heimebesøk, rettleie støttekontaktar, fosterheimar mv. Barnevernet har vore aktivt med i å bygge opp eit samarbeid med andre instansar, samt informasjon, og desse tek lettare kontakt ved behov. Ein ser behovet for tettare samarbeid med nabokommunar, mellom anna i tyngre barnevernsaker som krev mykje arbeid og som er utfordrande. Barnevernet fekk lagt inn eit eige dataprogram for å sikre rettstryggleiken.

Statistikken for år 2006 viser at meldingar og tiltak etter lov om barnevernetenester er slik:

- 8 meldingar
- 1 henlagt melding
- 7 undersøkingar
- 20 tiltak
- 3 sakar vert arbeidd med

Utfordringar vidare:

- vidareutvikle det tverrfaglege samarbeide
- moglegheit for å etablere eit interkommunalt barnevernsamarbeid mellom Roar-kommunar
- dekke opp behov for personar som kan ta på seg ulike oppdrag for tenesta, til dømes støttekontakt, besøksheim mv.

### **3.11 Årsmelding eining Teknisk**

2006 har vore eit år med høg aktivitet og store utfordringar både fagleg og sett i forhold til tilgjengelege ressursar. Organisasjonen internt og brukarane eksternt stiller store krav til oppgåveløysinga, og det er bra! Generelt må vi si oss nøgd med året som har gått.

Tekniske har ansvar for desse hovudoppgåvene som grovt kan delast inn i to område;

<b>Interne serviceoppgåver</b>	<b>Eksterne serviceoppgåver</b>
Drift og vedlikehald av kommunale bygg, vegar, gatelyst, kaier, kommunalt vassverk, kommunale avløpsanlegg, planlegging av drifts- og investeringstiltak, økonomistyring og tilrettelegging for kommunale avgifter, saksbehandling for politiske utval og mykje meir. I tillegg er ingeniørane ved tekniske tenester prosjektleiarar ved utbygging av kommunale bygg og anlegg.	Behandling av saker frå publikum som gjeld Plan- og bygningslova, Delingslova, Jord- og skoglova og andre lover og/eller forskrifter. Tilrettelegging for bustadbygging og næringsetablering, sikre eit godt fungerande brannvesen, bidra til ei forsvarleg viltforvaltning, utføre feiing, sjå til at renovasjonsordninga fungerer, ajourhold av kartverket over heile kommunen pluss mykje meir.

#### **Mål og oppgåver**

Utvikle god service og informasjon internt og eksternt. Utføre nødvendig vedlikehald på kommunale bygg og anlegg. Samarbeide interkommunalt der det er fornuftig og formålstenleg. Vere ein aktiv medspelar og tilrettesleggje for næringslivet. Vere bevisst på miljøarbeid. Sikre ei forsvarleg viltforvaltning.

- Byggjesaksbehandlar blei kjøpt inn frå Molde kommune i 20 % stilling. Ny byggjesaksbehandlar blei tilsett i oktober (slutta mars 07).
- Innan brann- og feiing kjøpte vi tenester frå Molde kommune. Dette fungerer godt, spesielt for det kommunale brannvesenet!
- For landbruk og vilt blei tenesta kjøpt inn frå Haram kommune .
- Teknisk kjøper og skogbruksfagleg kompetanse frå Molde kommune.
- Renovasjonsordninga er organisert gjennom RIR, eit interkommunalt selskap.
- Vi er og med i eit samarbeid innanfor forureining gjennom Romsdal Interkommunale Utval mot Akutt forureining (RIUA).
- Teknisk deltar i eit nettverk knytt til Plan- og bygningslova spesielt – ”Forum for Byggesak”. Samt eit nettverk knytt til kart og oppmåling spesielt ”Forum for Geodata”
- Innanfor vatn og avløp er Midsund kommune medlem av Driftsassistansen – ein kommuneoverbyggjande organisasjon innanfor fagområdet.



## Viktige aktivitetar og hendingar i 2006

- Mange bygge - og oppmålingssaker som følgje av stor byggeaktivitet.
- Merkar at aktiviteten på reguleringsplanarbeid er stor, ein del av dagens planar er moden for gjennomgang og oppgradering i samsvar med dagens krav.
- Planlegging av nytt Rådhus
- Utbygging av nytt vatn og avløpsanlegg på Sjøsletta.
- Nytt brannalarmanlegg på Midsund skule
- Asfaltering av P -plass på Senteret, del av Magerøyvegen, del av Vølenvegen, del av leikeplass ved Midsund skule og Gurehaugvegen.
- Nytt klasserom på Midsund skule
- Overtaking av ambulansekaia på Sundsbøen.
- Oppstart av reguleringsplan for Midsund sentrum
- Planlegging av asfaltering på Fv 202 og 204.
- Arbeid med reguleringsplanen for Midsund sentrum.
- Statens Vegvesen fekk midlar til utbetring av rasfarleg område i Setekleiva og Seteura. Arbeidet blei ferdig i 2006.
- Slutføring av Midsund sjukeheim, Raknes barnehage og Midsund barnehage. Garantiarbeid og manglar er ikkje heilt ferdig.
- Med dagens bemanning har Teknisk problem med å få oppgradert nødvendige ting innan VA. Ein del planar er ikkje slutført.



Bilde: Røberg bustadfelt.



Bilde: Kommunehuset

## Utfordringar vidare

- Halde høgt servicenivå overfor brukarane og høg kompetanse hos dei tilsette sjølv om organiseringa og bemanninga er for lav og arbeidsmengda aukar, samt å få tilsett fleire arbeidarar i vedlikehaldet.
- Klare å oppretthalde verdien på kommunale bygg og anlegg når ressurstilgangen blir stadig mindre og rekneskapsforskrifter gir store utfordringar knytt til finansiering mv.
- Organisere dagens Tekniske slik at det er mogleg å oppretthalde den kvaliteten som tenesta står for i dag, og behalde alle tilsette samt løyse utfordringane på ein mest mogleg rasjonell måte!

## Økonomi og ressursbruk:

			Avvik	
	Budsjett 2006	Regnskap 2006		Regnskap 2005
Administrasjon	362 598	347 457	15 141	50 420
Kommunale bygg	7 478 973	8 359 135	-880 162	7 419 272
Landbruk/Skog og vilt	122 100	106 253	15 847	169 446
Oppmåling/ regulering/byggjesak	667 100	461 280	205 820	434 933
VAR	0	0	0	0
Barnvern/ oljevern/ feiing	1 380 400	1 332 833	47 567	1 461 991
Veg/gatelys og kaier	1 475 500	1 841 606	-366 106	1 520 058
Diverse	16 429	125 793	-109 364	0
<b>Teknisk</b>	<b>11 503 100</b>	<b>12 574 357</b>	<b>-1 071 257</b>	<b>11 056 120</b>

### Kommentarar til rekneskapet:

- Avskrivningane for kommunale bygg/anlegg (eks. VA) blei oppjustert etter nybygg - og påbygging med kr 596 000 høgare enn budsjettet. ( Er ikkje ei direkte utgift, kjem som motpost i rekneskapen)
- Vedlikehald av kommunale vegar blei 230 000 høgare enn budsjettet.
- Straumkostnadane blei 200.000 høgare enn budsjettet.
- Meirforbruk innanfor vedlikehald/utbygging av Midsund sjukeheim og skulane, samt veg/gatelys, eininga har store problem å holde budsjettet sidan budsjettet er for lavt i utgangspunktet.
- VAR - områda er i god balanse, har overskot som blir sett på bundne fond. Dette blir ei sak når gebyra for 2008 skal vedtakast.

